



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

ÅRSRAPPORT 2000



Frå Vingen i Bremanger. Foto: Tom Dybwad

28.02.2001

Årsrapport 2000

Innholdsliste

Føreord	3
0. Innleiing	4
1. Måloppnåing	4
1.1. Overordna mål og strategiar for embetet.....	4
1.2. Overordna mål og strategiar på dei ulike fagområde	5
2. Hovudinnsatsområde	5
2.1. Bakgrunn	5
2.2. Planskjema for hovudinnsatsområda.....	7
2.2.1. Dialog med kommunane/fylkeskommunen	7
2.2.2. Omstilling og organisasjonsutvikling.....	8
2.2.3. Tilrettelegging og bruk av geodata.....	10
3. Årsrapportar frå avdelingane	12
3.1. Landbruksavdelinga	12
3.1.1. Måloppnåing på resultatområda.....	12
3.1.2. Planskjema for innsatsområda.....	16
3.2. Miljøvernavdelinga	25
3.2.1. Måloppnåing på resultatområda	25
3.2.2. Planskjema for innsatsområda.....	29
3.3. Kommunalavdelinga	36
3.3.1. Måloppnåing på resultatområda.....	36
3.3.2. Planskjema for innsatsområda.....	48
3.4. Administrasjonsavdelinga	57
3.4.1. Måloppnåing på resultatområda	57
3.4.2. Planskjema for innsatsområda.....	58
4. Ressursbruk	59
4.1. Samla oversyn for tre driftskapittel	59
4.2. Avdelingsvise oversyn	61
4.2.1. Landbruksavdelinga	61
4.2.2. Miljøvernavdelinga	63
4.2.3. Kap 1510 - Aad	66

Føreord

Det nye årtusenet vart innleia på festleg og fredeleg vis – også i Sogn og Fjordane. Ingen store datakriser eller andre kriser ramma oss, samstundes som vi hadde fått ei nyttig oppgradering av beredskapen i kommunane og hjå oss sjølve.

Vi har i året 2000 vore opptekne av å betre dialogen med kommunane, og gjennomførte møte med kommuneleiinga omlag halvparten av kommunane. Der tok vi opp tema som kommunane sjølv ynskte å drøfte, og saker vi sjølve hadde på hjarte i høve til den aktuelle kommunen. Erfaringane var gode, og i år har vi gjort avtalar med 14 av 26 kommunar om liknande møte. Vi har elles oppdatert det såkalla ”forventningsbrevet”, og har lagt stor vekt på – og greidd – å oppfylle serviceerklæringa vår til kommunane i 2000. Vi har også vore opptekne av å ha eit nært og godt samarbeid med andre statlege etatar og fylkeskommunen, og har delteke aktivt i utarbeiding av nye fylkesplan 2001-2004.

Vi har vidareført satsinga vår på utvikling og bruk av IKT i forvaltninga, og fått fleire oppgåver på dette området frå sentralt hald – t.d. ansvar for å etablere ei felles internettløyning for alle embeta. Den offentlege, nasjonale nettportalen Norge.no har feira sin 1-årsdag, og må seiast å ha vore ein suksess så langt. Vi ser fram til nye funksjonar og oppgåver knytta opp til denne satsinga. Innafor eige fylke har vi etablert prosjektet nett.no – som er eit samarbeid mellom fylkesmannen, fylkeskommunen og KS - er ei offensiv oppfølging av samordning, innhenting av nye oppgåver og IKT-bruk i kommunane og andre offentlege instansar. Vi har også arbeidd med å vidareføre EU-prosjektet TITAN, få til knoppskyting av dei ulike IKT-prosjekta i offentleg regi og samarbeidd med høgskulen og Vestlandsforskning om kunnskaps- og kompetanseutvikling. I samarbeid med høgskulen og 3 andre embete har vi gjennomført eit arbeidsplass- og nettbasert kompetansetiltak i 2000 (språkbruk i det offentlege), og er i gang med eitt etter same mal i inneverande år (kommunikasjonskurs).

Eg vil også nemne at vi i år 2000 har vore sentrale i ein omfattande og nyskapande prosess med utarbeiding av ein felles fylkesdelplan og verneplan for Naustdal-Gjengedal (landskapsvernområde i 4 kommunar).

Ressurssituasjonen vår har elles vore slik at vi i stor grad har måtta prioritere lovpålagde oppgåver. Her er saker som vedkjem einskildpersonar (klagesaker o.a.) og tilsynsoppgåver sentrale.

Vi har eit produktivt og innovativt år bak oss, og er førebudde på nye utfordringar og omstillingar som vil kome i 2001.

Leikanger 19. feb. 2001

Ingrid Bjørkum
kst. fylkesmann

0. Innleiing

Årsrapporten er eit verktøy for oppsummering og resultatvurdering i høve til embetet sin verksemdplan for år 2000, og er bygd opp på same måte som denne. Rapporten er først og fremst til bruk for embetet og overordna departement og direktorat, men vil også bli distribuert til nære samarbeidspartar i fylket samt på IDUN.

Verksemdplanen vart utarbeidd på bakgrunn av tildelingsbrev fra AAD, DN/SFT og LD for år 2000, samt ut frå eigne prioriteringar i høve til situasjonen i vårt embete og fylke. Planen viste kva mål, strategiar, innsatsområde og tiltak vi ville setje i verk i 2000. Nokre område/oppgåver vart vald ut som særlege innsatsområde. På desse prioriterte områda vart det utarbeidd eigne planskjema. Desse skjema har også blitt brukt i oppfølgingsarbeidet. Status på områda går fram i ein eigen rubrikk i kvart skjema. Kvar avdeling valde ut sine innsatsområde. I tillegg peika embetet peika ut 3 hovudinnsatsområde, som i 2000 var

1. Dialog med kommunane/fylkeskommunen
 - 1.1. Kommunekontakt
 - 1.2. Fylkesplan
2. Omstilling-og organisasjonsutvikling
 - 2.1. Kompetanseutvikling
 - 2.2. Leiarutvikling
3. Tilrettelegging og bruk av geodata
 - 3.1. Gjennomføring av geodataplanen

Verksemdsplanen – og dermed årsrapporten - er disponert slik at overordna, nasjonale mål og strategiar for embetet og dei ulike fagområda vert omtala først, i pkt. 1. Deretter kjem embetet sine tverrfaglege utfordringane og dei utvalde hovudinnsatsområda med planskjema. I pkt. 3 følgjer avdelingsvis omtale og i pkt 4 eit samla oversyn over ressursbruken i embetet.

1. Måloppnåing

1.1. Overordna mål og strategiar for embetet

Fylkesmannen er staten sin fremste representant i fylket og skal på vegner av regjering og storting ivareta staten sine interesser. Samstundes skal vi vere ein lyttepost som registrerer og formidlar lokale og regionale verknader av dei nasjonale mål og retningslinjer attende. Fylkesmannen har ansvar for viktige statlege fagområde, samt samordnings- og heilskapsansvar for den statlege verksemda i fylket. Vi har eit særleg ansvar i høve kommunane, og samordningsansvaret gjer seg særleg gjeldande overfor kommunesektoren. Fylkesmannen har såleis viktige oppgåver i avveginga mellom omsynet til det kommunale sjølvstyret og måla for den nasjonale politikken.

Fylkesmannen har følgjande overordna strategiar i dette arbeidet;

- formidle og omsetje nasjonale mål til regionale mål
- utvikle eigen kompetanse og gjennomføre nasjonale mål og tiltak innan fylkesmannen sine fagområde
- gje tilbakemelding til departement og direktorat om reaksjonar på og verknader av dei ulike statlege mål og retningslinjer
- bidra til å ivareta og utvikle eit levedyktig lokalt folkestyre med rettferdig ressursfordeling og tilstrekkeleg økonomisk handlefridom
- bidra til å samordne, forenkle og effektivisere den statlege verksemda
- ha ei opa forvaltning og yte god informasjon til brukarane
- ta sjølvstendige initiativ og arbeide til beste for fylket

Embetet sin anstrengte ressursituasjon har gjort at vi må prioritere dei lovpålagde oppgåvene. Andre oppgåver må avvegast i høve til embetet sine samla ressursar og lokale behov. Innsatsområda som vart valde viser kva utfordringar vi meinte var særleg viktige i Sogn og Fjordane i 2000.

1.2. Overordna mål og strategiar på dei ulike fagområde

Rapportering er teke inn i årsrapportane for den enkelte avdeling.

2. Hovudinnsatsområde

2.1. Bakgrunn

Omtale av dei enkelte innsatsområda

1. Dialog med kommunane/fylkeskommunen

Fylkesmannen har også i år lagt vekt på nær kontakt med kommunane. Vi har vore på 14 ordinære kommunebesøk der vi deltok med saksbehandlarar på ulike fagområde. I vår var vi arrangør av 3 regionale konferansar og vi heldt statsbudsjettkonferanse samstundes som statsbudsjettet vart offentleggjort.

Saman med fylkeslege og utdanningsdirektør har vi formidla nasjonale mål og retningslinjer som er viktige for kommunane gjennom heftet "Kommunale oppgåver i høve til nasjonale mål og retningslinjer". Vi har også utarbeidd "Serviceerklæring" med sakshandsamingstider på utvalde område i embetet.

Fylkesmannen har i 2000 vore aktiv deltakar i fylkesplanarbeidet, m.a. gjennom deltaking i arbeidsutvalet for leiarforum, møte i leiarforum, oppfølging av prosjekt i fylkesplanen for perioden 1997-2000 og gjennom kontakt med resten av regional stat. Vi har gjeve innspel til framlegget til mål og strategiar, og seinare til framlegget til handlingsplan i fylkesplanen for perioden 2001-2004. Fylkesmannen har teke på seg programleiaransvaret for to program i den nye fylkesplanen, og vi er deltakarar i fleire andre program. Vi har vidare teke initiativ til og teke på oss arbeid med ein fylkesdelplan for landbruk og delteke i oppstarten på ein fylkesdelplan for klima og energi. Fylkesmann og ass. fylkesmann har hatt jamnlege møte med fylkesordførar og fylkesrådmann. Vi har vidareutvikla anna samarbeid med fylkeskommunen på fleire område.

2. Omstilling og organisasjonsutvikling

Kompetanseutvikling

Embetet gjennomførte ei kompetansekartlegging i 1999, som munna ut i kompetanseplan for 2000. Planen inneheld oversyn over felles / avdelingsovergrepande kompetansetiltak og individuelle tiltak (kurs, etter- og vidareutdanning, utvikling av dobbeltkompetanse på felt der vi er sårbare).

I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane har vi etablert prosjektet Kunnskap kryssar grenser. Her vert det jobba med læringsnettverk mellom ulike organisasjonar, utvikling av IKT-støtta kurs, bestillingskompetanse og lærande organisasjonar. Hausten 2000 gjennomførte 26 deltakarar frå fylkesmannsembeta i Sogn og Fjordane, Oppland, Rogaland og Hordaland og Sogn og Fjordane kurset "Ta pulsen på språket og sakshandsaminga", der Internett og videokonferanse var viktige læringsmedia. Nye virtuelle kurs for 2001 og 2002 er under utvikling.

Leiarutvikling

Etter omorganiseringa i 1999 er det lagt opp til ei endra rolle for leiargruppa. Den nye arbeidsmodellen vektlegg heilskapstenking, drøfting av strategiske og prinsipielle saker og at leiarane skal fungera som rådgjevarar for kvarandre.

Generelle utviklingstrekk for forvaltninga og særskilde utviklingstrekk for vårt fylke stiller store krav til leiarane, og leiarutvikling har vore eit særskilt satsingsområde i 2000. Leiargruppa har gjennomført to samlingar der kommunikasjon var hovudtema. Det er avvikla ei samling for embets-, avdelings- og seksjonsleiarar, der tema var motivasjon og personalleiing, kompetanseutvikling og organisasjonslæring, rolleforståing og delegasjon. Medlemene av leiargruppa var på dagsbesøk i to embete kvar sommaren/hausten 2000, der målet var å læra av andre sine erfaringar i høve til omstilling, samordning og samarbeid med andre etatar, utviklingsarbeid mv. Desse besøka gav mange nyttige impulsar til arbeidet med utvikling av vår eigen organisasjon.

Det er opna for at leiarane enkeltvis kan få permisjon til hospitering, kurs og etterutdanning. Hausten 2000 har ein seksjonsleiar hospitert hjå fylkesmannen i Hordaland og ein avdelingsleiar har hatt permisjon for å studera ved Handelshøgskulen i Bergen.

3. Tilrettelegging og bruk av geodata


Også geodata er ei vidareføring av fjorårets innsatsområde. Geodataplanen som vart utarbeidd, krev auka innsats frå alle avdelingar skal vi nå dei måla som er sett. Samordning og koordinering av innsatsen til den enkelte avdeling skal prioriterast.

Tildelingsbrevet vektlegg også at fylkesmannen skal bidra aktivt til ei felles geodataforvaltning og kompetanseheving i bruken av geografisk informasjon. Avdelingane i embete skal tilgjengeleggjere og bruke eksisterande geodatasekk, som vert forvalta av fylkesmannen, i saksbehandlinga.


Utvikling av felles kartprodukt, der data frå fagavdelingane kan nyttast i vedtaksgrunnlaget skal prioriterast. Vi skal også samordne internt kartlegging av biologisk mangfald i kommunen slik at denne blir fullstendig og samla.


2.2. Planskjema for hovudinnsatsområda

2.2.1. Dialog med kommunane/fylkeskommunen


 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 2.1 Styringsdialogen med kommunane/62 Kommuneøkonomi og samordning	Innsatsområde: 1. Dialog med kommunane/fylkeskommunen	
Prosjekt/aktivitet: 1.1. Kommunekontakt		
Planlagt start: 1.1.00	Planlagt slutt: 1.12.00	
Mål: Etablere direkte kontakt med kommunane gjennom samlingar og besøk/møte i einskildkommunar for å utvikle dialogen mellom FM, andre statlege etatar og kommunane/KS. Dette kjem i tillegg til forventningsbrev og serviceerklæring – sjå innsatsområde pkt. 3.3.2.		
Resultatkrav: 3 regionale samlingar med aktuelle fagtema 1 fylkesdekkande samling Besøk i x tal utvalde kommunar etter behov/ynskjer får kommunane – og med tema og deltaking frå FM etter ynskje/behov. Prioritere komm. med nye ordførarar og kommune med særleg vanskeleg økonomi. Dette kjem i tillegg til ulike fagavdelingar sine spesielle fagsamlingar.		
Milepælar/tiltak: Des: møte med KS for å drøfte dialogen med kommunesektoren og samarbeidstiltak Jan: kartlegging av behov/ynskje i embetet, hos FL og SU og i kommunane ad besøk og tema for samlingar 1.febr: plan for besøk og samlingar klar medio mars: fylkesdekkande kommunesamling 2 dagar i lag med KS, FL og SU febr-sept: besøk i utvalde kommunar Okt: samling når statsbudsjettet vert lagt fram? Nov: fylkesdekkande eller regionale temamøte?		
Status: Kommunebesøk: Vi gjennomførte 14 ordinære kommunebesøk. Besøka blir oppfatta som positive ute i kommunane og vi ser også eiga nytte å få denne dialogen med kommunane. Regionale samlingar: Vi arrangerte 3 regionale samlingar i mars 2000. Samlingane var eit samarbeidsprosjekt mellom oss og fylkeskommunen. Samling over 2 dagar der vi deltok på dag 1. I tillegg til våre eigne avdelingar og fylkeskommunen deltok kartsjefen og utdanningsdirektøren. Evalueringa gav samla 4,2 poeng av 6 moglege. Dersom vi skal trekke fram noko negativt, så var det at det kanskje vart vel mange innlegg på kort tid (7 innlegg mellom kl. 1000 og 1500) Statsbudsjettkonferansen vart halden samstundes som statsbudsjettet vart offentleggjort den 4. oktober. Evaluering gav samla 4,9 poeng (frå tilsette i kommunane) og 3,8 poeng (folkevalde) av 6 moglege. På spørsmål om det var behov for ei slik samling svara 15 av 16 tilsette ja. Politikarane 50/50. Responsen var klart best frå dei tilsette i kommunane og tilbakemeldinga frå dei var m.a. :”slik det var i år var det svært nyttig”. Føresetnad for slikt opplegg er at vi (øk.rådgjevarane) får høve til å gjere oss kjend med innhaldet i statsbudsjettet i rimeleg tid før det blir offentleggjort.		
Prosjektansvarleg: IB	Prosjektleiar: GFB	
Prosjektdeltakarar Aktuelle avdelingar hos FM + evt SU, FL, KS		

2.2.2. Omstilling og organisasjonsutvikling

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 32 Forvaltningsutvikling	Innsatsområde: 32.1 Omstilling og organisasjonsutvikling	
Prosjekt/aktivitet: Kompetanseutvikling		
Planlagt start: Februar 2000	Planlagt slutt: Desember 2000	
Mål: Gjennomføra felles kompetansetiltak i samsvar med oppsett plan.		
Resultatkrav: Gjennomføra eller starta opp følgjande felles kompetanseutviklingstiltak i løpet av 2000: <ul style="list-style-type: none"> • Kurs i god språkføring • Opplæring i offentleglov og forvaltningslov • Fullført sakshandsaming • GIS-opplæring • Kommunikasjonskurs • Endringsarbeid • Pedagogikk • Leiarutvikling <p>I tillegg, utvikla nettverksbasert samhandling og erfaringsutveksling med andre embete / etablere eit samarbeidsprosjekt med 1-3 andre organisasjonar for å utvikle spesifikke opplæringsmodular. Drøfta fysiske og pedagogiske krav som ein lærande organisasjon vil stille til eit nytt kontorbygg.</p>		
Status Med utgangspunkt i kompetansekartlegginga som vart gjennomført i 1999, vart det i 2000 utarbeidd kompetanseplan for embetet. Planen inneheld oversyn over felles/avdelingsovergripande kompetansetiltak og individuelle tiltak (kurs, etter- og vidareutdanning, hospitering, utvikling av dobbetkompetanse på felt der vi er sårbare). Kompetanseplanen skal reviderast kvart år. <p>I 2000 vart det lagt opp til følgjande felles tiltak: Opplæring i off.lov og forvaltningslov (vart avlyst grunna liten påmelding, men vil verta eit årleg tilbod framover), GIS-opplæring (gjennomført i samsvar med Geodataplanen) og kurs i god språkføring.</p> <p>Vi har fått midlar frå AAD og Kompetanseutviklingsprogrammet til prosjektet Kunnskap kryssar grenser i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Her vert det jobba med læringsnettverk, utvikling av IKT-støtta kurs, bestillingskompetanse og lærande organisasjonar. Hausten 2000 gjennomførte 26 deltakarar frå fylkesmannsembeta i Sogn og Fjordane, Oppland, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fj. Fylkeskommune 2 vektalskurset "Å ta pulsen på språket og sakshandsaminga", der Internett og videokonferanse har vorte mykje brukt som læringsmedia. Nye virtuelle kurs for 2001 og 2002 er under utvikling.</p>		
Prosjektansvarleg: Gerd Fløde Bjørlo / Jostein Fondenes	Prosjektleiar: Kåre Vangelsten / Anne Karin Hamre	

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 32 Forvaltningsutvikling	Innsatsområde: 32.1 Omstilling og organisasjonsutvikling	
Prosjekt/aktivitet: Leiarutvikling		
Planlagt start: Januar 2000	Planlagt slutt: Desember 2000	
Mål: Gjennomføra leiarutviklingstiltak som støttar opp under ny arbeidsmodell for leiargruppa Gjera leiargruppa betre rusta til å møta både generelle utviklingstrekk som stiller krav til forvaltninga og spesielle utviklingstrekk for Sogn og Fjordane fylke.		
Resultatkrav: Gjennomføra opplæringstiltak for leiargruppa i løpet av fire leiarsamlingar innan følgjande tema: kommunikasjon, psykologi, endringsprosessar, samarbeid og leiarroller.		
Milepælar/tiltak: 10.01.2000: Førebuaende møte i leiargruppa 24.-25.2000: Kurs i kommunikasjon innan 01.05: Samling, del 2 i kommunikasjonskurset for leiargruppa og gjennomgang av rolledeling for seksjonsleiarar / leiargruppe Vidare opplegg for leiargruppa skal fastsetjast innan 01.04.2000		
Status Kommunikasjonskurs del 1 og 2 er gjennomført for leiargruppa. 27.-28.4 vart det gjennom ført ei samling for embetsleiing, avdelings- og seksjonsleiarar. Borgny Sira frå FM Rogaland deltok som ekstern innleiar. Hovudtema for samlinga var motivasjon og personalleiing, kompetanseutvikling og organisasjonslæring, rolleforståing og delegasjon (med utgangspunkt i drøfting rundt embetet sitt delegasjonsreglement). Strategiutvikling har vore eit viktig tema for leiargruppa i 2000, og dette var hovudtema på leiarsamlinga på Filefjell i september. Her deltok fylkesmennene Knut Korsæth og Jon Lea som eksterne bidragsytararar. Strategisk plan for 2001-2004 vart vedteken i november. Leiarane gjennomførte sommaren og hausten 2000 dagsbesøk hjå fylkesmannsembeta i Troms, Nordland, Sør-Trøndelag, Hedmark, Buskerud, Vestfold, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal. Føremålet med besøka var å læra av andre sine erfaringar. Følgjande tema var framme i besøka: Organisering og omstillingsarbeid, korleis leiarmøta fungerer, delegering, samordning av statlege etatar, samarbeidet med KS og fylkeskommunen, samarbeid med andre embete, VP og rapportering, interne prosjekt, leiarutvikling og lokale (i samband med at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane planlegg nytt bygg). Desse besøka gav mange nyttige impulsar og erfaringar i arbeidet med utvikling av vår eigen organisasjon. Det er opna for at leiarane enkeltvis kan få permisjon til hospitering og kurs og etterutdanning. Hausten 2000 har seksjonsleiar ved sosial- og familieseksjonen hospitert hjå Fylkesmannen i Hordaland, som m.a. arbeider med eit tilsynsprosjekt som vi ynskjer å læra meir om. Landbruksdirektøren har hatt tre månaders permisjon for å følgja to 4-vektalskurs i leiing og organisasjonsutvikling ved Handelshøgskulen i Bergen og 2-vektalskurset "ta pulsen på språket og sakshandsaminga" som har gått internt. I tillegg har han gjennomført bedriftsbesøk i fiskerinæringa.		
Prosjektansvarleg: Oddvar Flæte	Prosjektleiar: Anne Karin Hamre	

2.2.3. Tilrettelegging og bruk av geodata

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn):	Innsatsområde: 3. Tilrettelegging og bruk av geodata	
Prosjekt/aktivitet: 3.1 Gjennomføring av Geodataplanen		
Planlagt start: 01.02.00	Planlagt slutt: 31.12.00	
Mål: Revidere vedteken geodataplan for embetet: <ul style="list-style-type: none"> • Samordne innsatsen på innsamling av data (informasjon) som avdelingane skal gjennomføre i 2000. • Opprette eit nettverk på tvers av avdelingane der dei som jobbar med geodata deltek. Ut frå dette nettverket må vi skape grunnlag for kvalitetsheving av saksbehandling på sektorar der vi har kartdata i digital form. • Arbeide for å samordne geodataaktørar på regionalt nivå. Vere aktiv i GIS-nettverk IT-forum • Få fleire data ut på Internett (Titan). Arealis og TITAN sine aktivitetar - som får betydning for embetet sitt vidare arbeid med GIS - må innarbeidast i plandokumentet 		
Resultatkrav: Avdelingane sine GIS /Geodata aktivitetar for 2000 må avklårast innan 15.3. 2000. Arealis-prosjektet , Geovekst, Titan og ODIN mobile sine aktivitetar vert samordna i planene. Utlegging på Internett må utnyttast så lenge vi har TITAN – prosjektet. Etter at vi har etablert eit ”geonettverk” Behov og ønskje som avdelingane har må kartleggast. Klarlegge kompetansebehov. Stadfesta, verifisert informasjon skal kunne presenterast for publikum og sakshandsamarar via kart over Internett. Sakshandsamingsinformasjon (ikkje off. eller under handsaming skal tilretteleggjast for presentasjon på Intranett (evt passordbeskytta).		
Milepælartiltak: 01.03 Registre GIS-kompetansen i embetet. 01.03 Etablere geonettverk mellom avdelingane i embetet. 01.03 velje medlem(er) og delta aktivt i GIS-nettverk i IT-forum. 15.03 Avdelingane sine prioriteringar på GIS /Geodata for 2000 15.04 Revidert geodataplan 2000 01.05 Kurs i bruk av ArcView /ArcExplorer for nye brukarar (behovsretta). 15.12 Oppsummere og revidere prosjektet. Førebels rapport. Vurdere tiltak/prosjekt for 2001 og vidare.		
Status: Embetet har jobba vidare med integreringa /tilgjengeleggjeringa av avdelingane sine Geodatsett. Men dette arbeidet må halde fram neste år. Arbeidet med å legge kart på Internett (Titan) har halde fram. Dette arbeidet må også vidareførast t.d. gjennom Odin mobile. Embetet deltek i IT-forum si Geodata-gruppe. Det har vore 4 møter i 2000. Arbeidet med kartlegging av biologisk mangfald i kommunane vart starta opp i 1999. Fem kommunar (Solund, Flora, Gloppen, Vik og Sogndal) fekk tilskot og starta kartlegginga i 1999. I 2000 fekk kommunane i Nordfjord (Vågsøy, Selje, Eid, Stryn og Hornindal) tildelt midlar og starta opp kartlegging i form av eit interkommunalt samarbeidsprosjekt. Geodataplanen 2000 var ferdig til om lag 1 mai. Arealis-prosjektet er vidareført. Geovekst-deltakinga er oppfølgt etter planen. Problemet er her at vi ikkje har midlar til å delta i alle gode prosjekt som vert lansert. Etter at Titan prosjektet vart avslutta som prosjekt 31 juni 2000, har internett tenestene med kart informasjon vore vidareført i ein ’interim-periode’ fram til endeleg vidareføring vert vedteke. Fylkesmannen har i denne perioden vedlikehalde og hatt ansvar for vedlikehald av sin kart informasjon og anna tilhørande informasjon, noko ein også vil får når ein kjem fram til ein permanent ordning for		

vidareføring.
 Odin mobile har i år 2000 mest handla om spesifikasjonsarbeid og utvikling av teknisk plattform. Fylkesmannen er med som dataleverandør i prosjektet og vil derfor ikkje bli aktivt trekt inn før midten av år 2001. Ein vil da få dei første operative tenestene med kartbasert miljøinformasjon tilgjengeleg på mobilt internett.
 Geodatanettverk er oppretta, og det vart gjennomført opplæring i Arcview på Leikanger og i Førde. Stadfesta informasjon er lagt ut på Internett: Døme på dette er oppdatert kartinformasjon med nye verneområdar og anna kart/miljørelatert informasjon.
 Saksbehandlar -informasjon er ikkje lagt ut på Internett, men ein har hatt opplæring på bruk av kartverktøy for fleire saksbehandlarar, noko som gjer informasjonen meir tilgjengeleg for desse og andre som kan nå informasjonen via desse.

Ressursar:	Vekeverk	Vekekostnad	Andre kostnader	Tot. kostnader
Planlagt:				
Arne	4	9000		36 000
Jofred	4	9000		72 000
Andre	12	9000		108 000
Kurs/konferansar			20000	20 000
Prosjektansvarleg:	Prosjektleder:			
Jostein	Arne			
Prosjektdeltakarar				
Arne, Stein Arild, Jofred, Edvin, JO Tore, Torkel, Jon Anders, Erna				

3. Årsrapportar frå avdelingane

3.1. Landbruksavdelinga

3.1.1. Måloppnåing på resultatområda

Landbruksbasert næringsutvikling

Jordbruk

Måloppnåinga i høve resultatkrava er tilfredstillande, og ligg på fleire område over dei krava som var sett. På nokre få område er likevel ikkje måla nådde. Dette gjeld mellom anna økologisk landbruk, der det er berre 184 gardsbruk som har lagt om til økologisk drift. Dette utgjer omlag 4 % av dei som søker produksjonstillegg, og rekna i prosent av jordbruksarealet er det under dette. Sogn og Fjordane er likevel eit av fylka med mest økologisk landbruk.

På hagebrukssektoren er det stor variasjon mellom ulike produkt. Satsing på bær og moreller har jamt over gjeve gode resultat, men næringa har hatt problem med lave prisar på pære og nokre eplesortar. Skal næringa ha ei brukbar framtid må ein satse meir på kvalitet i alle produksjonsledd og betre organisering av mottaks- og omsetningsapparatet.

I husdyrbruket var det, med ekstra salsrunde til høgre pris, stor interesse for sal av mjølkekvote i 2000, heile 145 bruk mot 52 i 1999. Tal mjølkekyr gjekk ned med 4 %, og tal gardsbruk som søkte produksjonstillegg gjekk også ned 4 % slik at det no er under 5000 bruk i drift her i fylket. Men det totale jordbruksarealet som er i drift er nokolunde stabilt. Sauetalet held seg også uendra frå 1999 og næringa arbeider aktivt både innan beitelaga og med tanke på å betre verdiskapinga og marknaden gjennom meir lokal foredling og omsetjing.

Forvaltninga av midlane til bygdeutvikling vart lagt om frå og med 2000. Fylkesmannen fekk ansvar for generelle utviklingstiltak og tilrettelegging for næringsutvikling i landbruket, medan SND fekk ansvar for tiltak retta mot det einskilde gardsbruket. Vi har hatt godt samarbeid med SND om bruken av midlane, både ved at det vart utarbeidd ein felles strategi og ved at dei ulike søknadene vart kanalisert til rette vedkomande.

Fylkesmannen fekk ei løyving på 6,5 mill til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Omlag 58 % vart brukt på tilrettelegging innan tradisjonelt landbruk og småskala reiseliv, omlag 12 % til diverse regionale utviklingsprogram, omlag 23 % til tiltak i lokalsamfunn særleg retta mot ungdom og kvinner, og omlag 6 % til IKT og små næringshagar (kompetanseslover).

Skogbruk

Investeringane i skogkultur viste ein svak nedgang i 2000. Plantinga heldt seg på omtrent same nivå som året før, mens ungskogpleie hadde ein nedgang på 10%.

Vanskar med å skaffe arbeidskraft til skogkultur er aukande. Samspelet mellom fagarbeidarane i skogbruk og kvalifiserte skogsarbeidarar frå Slovakia er ein viktig faktor for å halde nivået i skogkulturen. Dei to arbeidslaga frå Slovakia utfører no 20% av skogkulturarbeidet i fylket.

Det er no aukande interesse for planting av utvald materiale av 2. generasjon gran i fylket. Helsetilstanden i skogen på Vestlandet er generelt god, fjoråret viste betring i vårt fylke til liks med det meste av landet elles.

Skogsvegbygginga viste nedgang i 2000. Det vart ferdigstilt 20 km. bilveg og 23 km traktorveg. Nedgangen er på 15%. Kostnadene ved vegbygging er høge, men stabile. Skogregistrering som grunnlag for områdetakst er utført i Luster, 43 000 daa er registrert. Taksten for Stryn er ferdigstilt, 158 000 daa. Det er tinga plan på 211 eigedomar med til saman 70 000 daa produktiv skog.

Når det gjeld skogdagar og kurs har det vore god auke. Det vart halde 23 kurs i "Aktivt Skogbruk". Dei fleste kursa var for grupper utanfor skogbruket. Kurs i virkesnytting er mest aktuelle framover.

Andre bygdenæringar

Fylkesmannen ved landbruksavdelinga samarbeider godt med fylkeskommunen når det gjeld utarbeiding og gjennomføring av fylkesplanen. Det vart vedteke nytt handlingsprogram hausten 2000 og der skal vi ha ansvaret for gjennomføring av programområde *Landbruk og bygdeutvikling*. I tillegg deltek vi i fleire andre programområde.

Bygdeutviklingsprogrammet er ført vidare og finansiert gjennom BU-midlane, og Oppstryn og Jostedalen vart teke opp som nye bygder. Vi starta opp *eit nytt prosjekt retta mot ungdom i Sogn og Fjordane*. Føremålet er å stimulere ungdom til å velje bygda som bu- og arbeidsplass, fremje likestilling, og utvikle positive haldningar til nyskaping og etablering. 4H starta hausten 2000 opp eit prosjekt retta mot ungdom på kysten, og saman med det prosjektet *Ungt entreprenørskap*, er dette uttrykk for satsing og tru på ei framtid for ungdom i bygdene.

Norsk Gardsmat hadde stor aktivitet i 2000, med omlag 35 godkjende medlemmer og studietur på Vestlandet. Vi ser dette arbeidet i samanheng med prosjektet *Lokal foredling og omsetning* som går i regi av *Sogn og Fjordane landbrukssekskap*.

Vi starta opp prosjektet *Grøn omsorg* i 2000 der målsetjinga er å skape ny næringsutvikling gjennom utnytting og tilrettelegging av ledig kapasitet i landbruket for omsorgs- og utdanningssektoren. Prosjektet er retta mot kommunane, enkeltpersonar og organisasjonar, og viser så langt at det er stor interesse i alle målgruppene.

Miljø og arealforvaltning

Arealforvaltning

Kommunane i Sogn og Fjordane har gjennom heile året, som ei forsøksordning, hatt avgjerdsmynde i konsesjonssaker, medrekna mynde til å gjere bruk av staten sin forkjøpsrett. Praksis så langt tyder på at forsøket er vellukka.

Vi har, etter ønskje frå kommunane, halde kurs i verdsetting av landbrukseigedom. Det vart uttrykt ønskje om oppfølgingskurs.

Det er no ein kommune som ikkje har godkjend kommuneplan. Vi har visse vanskar med å få enkelte kommunar til å bruke det lovpålagde dataprogrammet "Ajour", særleg i plansaker. "V base" (veg-base) er ferdig for dei kommunane der skogbruk er viktig. Oppdatering er ein kontinuerleg prosess.

Kulturlandskap

Det har vore markert auke i bruken av STILK – midlar i høve til 1999. I alt 299 tiltak fekk løyving, det vart planlagt investeringar for i alt 48,5 mill. kr. og det vart utbetalt 15,8 mill. kr. i tilskott.

Største løyvingane var til føremåla kulturminne og miljø med 30%, freda og verneverdige bygningar med 27% og gamal kulturmark med 25% av tilskottsmassen.

Dei største kulturlandskapskommunane i fylket, målt etter forbruk av STILK – midlar, er Luster, Stryn og Bremanger.

Det vart utlyst ein konkurranse i fylket med vekt på kvardags-kulturlandskapet. Arbeida som vart premiere hadde høg kvalitet. Interesse for konkurransen kunne ha vore større. Gjennom året vart det av kommunane handsama 70 søknader om dispensasjon frå forskrift om produksjonstillegg. Dette er ein markert nedgang i høve til 1999. 43 søknader vart innvilga, 25 delvis innvilga og 2 fekk avslag.

Naturforvaltning

Landbruksavdelinga har gjennom året delteke i arbeidet med verneplan for myr og med Sandvikbotn barskogreservat. Prosjektengasjementet i samband med Naustdal – Gjengedalplanen vart avslutta ved årsskiftet.

Ureining

Prosjektet *landbruksureining* er vidareført med oppfølging av tidlegare igangsette tiltak, mellom anna stikkprøvekontrollar og bekkevandringar. I samband med fristen for spreieing av husdyrgjødsel på eng kom det omlag over 400 dispensasjonssøknader, ei fordobling frå året før. Praksis i høve til desse har vore relativt liberal med dispensasjon fram til 15. september, deretter strengare. Det er omlag 15 % gjengangarar frå tidlegare år i søknadene. Eit stort fleirtal gjeld søknad om spreieing før 15. september. Etter planen skulle forvaltninga av ureining delegerast til kommunane frå 01.01.01, men dette vart utsett og vil truleg verte gjennomført i løpet av våren 2001.

Områdetiltak er ført vidare med eiga løyving i 2000 som ga tildeling av planleggingsmidlar til 9 nye område/ bygdelag. Til saman har no 31 område/bygdelag fått tilskot til å planleggje felles tiltak innan vassmiljø og kulturlandskap. Nokre av desse er komne så langt at dei er i ferd med eller skal til å gjennomføre dei planlagde tiltaka.

Inntekts- og velferdsordningar

Tilskotsforvaltning

Det er utbetalt 598,9 mill. gjennom dei ulike forvaltningsordningane som landbruksavdelinga administrerer. I 1999 var talet kr. 549 mill kr og i 1998 kr 570 mill. I 2000 fekk vi eit svært stort tal manuelle utbetalingar., dvs utbetalingar av tilskot som landbruksavdelinga må berekne og fysisk betale ut. Vi fekk mediaoppslag på at vi var seine med utbetalingane. Årsaka til dette var endring i reglane for dokumentasjon, kontroll og registreringsrutiner for denne ordninga, og Statens landbruksforvaltning tok ansvaret for dette. Utbetaling for sjukdomsavløyising har auka til kr 14,2 mill frå kr 10,7mill i 1999.

I 2000 har vi hatt eitt fagmøte med kommunane der tema har vore saksbehandling og kontrollrutiner for ordningane produksjonstilskot og avløyisarordningane. Vi har vore ute på kontroll i 6 kommunar.

Arbeidsmengda med forvaltninga av tilskotsmidlane er omfattande. Gjennomføringa krev at vi heile tida har god kontakt /dialog med kommunane. På denne måten reduserer vi talet på feil og dermed vert også servicen betre overfor brukarane.

Landbruksadministrasjon

Støttefunksjonar

I 2000 er dei administrative tenestene samordna. Rutinane for VP, budsjett, årsmelding er følgt.

I 2000 vart linjekapasiteten oppgradert til 2 Mb. Dette gjer at programma som vert køyrt over linje fungerer mykje betre. Dette gjeld Agresso, Modulink og e-post.

Statistikk for landbruket er produsert og lagt ut på Internett (Fjordinfo) pluss at det har vore utført oppdateringsarbeid på Intenettsidene til avdelinga. I samarbeid med NLH, har vi fått utarbeidd ein bygdeanalyse for Sogn og Fjordane som er presentert for media og ligg på Internett.

Arbeidet med Geodata held fram. Dette består i å oppdatere Vbase (vegbase) med landbruksvegar. Også i 2000 er det jobba mykje med registrering av beitefelt. Dette arbeidet er ikkje avslutta. Administrasjonen hadde det praktiske ansvaret for utarbeiding av Geodataplan for embetet.


På edb-sektoren har vi også hatt ein god del arbeid med å halde Ajour-programmet oppegående og i bruk på kommunenivå. Kommunane er ikkje glade i dette programmet. Opplæring har vore viktig arbeidsområde i 1999. Det er gjennomført edb-kurs for alle som ønskte det.


Administrasjonen har også delteke i It-forum si innkjøpsgruppe og IT-forum si Geodatagruppe. Landbruksavdelinga deltek i ordninga med bedriftshelseteneste. Våren 2000 vart det gjennomført arbeidsmiljøgransking i avdelinga. Det var bedriftshelsetenesta som gjennomførte arbeidet. Granskinga synte at vi hadde framgang i høve til same gransking i 1997.


I 2000 har vi også lagt vekt på å skifte ut gammalt kontorinventar, for å betre det fysiske arbeidsmiljøet. For 2000 bestemte AMU-utvalet at vi ikkje skulle gjennomføre vernerunde. Årsaka til dette var at embetet hadde vore gjennom arbeidsmiljøgranskinga våren 2000.


Avdelinga har gjennomført kompetanseplanen og har hatt 9 kursopplegg /samlingar for kommunetilsette.


3.1.2. Planskjema for innsatsområda


 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 21. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling		Innsatsområde: 1. Jordbruk
Prosjekt/aktivitet: Samarbeidstiltak, Teknisk planlegging, Beitebruk, Marknadstilpassing, økologisk landbruk		
Planlagt start: 01.01.2000		Planlagt slutt: 31.12.2000
Mål: Synleggjere og medverke til maksimal utnytting av fylket sine naturgjevne vilkår for lønsam landbruksproduksjon Medverke til å redusere kostnadsnivået og auke konkurransekrafta, m.a. gjennom bevist satsing på kvalitet Medverke til utvikling av marknadstilpassa produkt basert på prinsippa om berekraftig produksjon og produksjonsmåtar med høg miljøkvalitet.		
Resultatkrav: 1 Forbetre EB-kursa gjennom færre og meir profesjonelle kursarrangørar 2 Minst 3 nye samarbeidstiltak i bygdene 3 Ferdigstilt 30 større og 12 mindre bygningsplanar for nye og /eller moderniserte driftsbygningar 4 Beitebruksplan: korrigert temakart for minst 100 lag utsendt; gjennomført analyse m/temakart for dyretettheit /tap/tilvekst 5 Prosjekt småfe: minst 3 demonstrasjonsområde for stell attgroing /utmark med nye driftsmåtar oppretta 6 Handboka "Plantevern i frukt og bær" oppdatert innan 01.03.00 7 Tal bruk med økologisk drift auka til minst 200.		
Milepælar/tiltak: 01.03 Møte med kursarrangørar for EB-midlane 01.03 Utsending av Plantevernplan for Vestlandet 30.03 20 småfemøte gjennomført/ møte i rovviltutvalet 30.03 Heimeside for småfehald og beitebruk oppretta 15.04 Fylkessamling om ny miljøplan m.m. gjennomført 30.05 Midlar frå Aksjon økologisk landbruk fordelt 30.06 3 regionmøte organisert beitebruk gjennomført 30.06 Prosjekt skadejerv finansiert og oppstarta. 01.07 Oppfølging prognose planar/inntening teknisk divisjon. 01.07 Avvikla infomøte/markdagar i plantevern m.m. 01.09 Alle prioriterte saker tradisjonelt landbruk klare til teikning 15.09 Haustetidsvurdering /kvalitetsoppfølging for 1000 tonn frukt 12.-13.09 Kurs - samrådsmøte for bygdeservice 30.09 3 oppfølgingsområde utvalde vedkomande sanketid, m.m. 01.10 Landbrukskonferanse med FMLA som medarrangør 30.11 Aksjon økologisk landbruk evaluert, med mål for 2001		
Status Nr 1. Oppfylt. Tal kursarrangørar redusert til 4. Nr 2 og 3 er oppfylt. Nr 4. Vi har manuskart som omfattar ca 120 lag, men alle karta er ikkje heilt ferdig digitalisert og retta opp. Nr 5 og 6 er oppfylt Nr 7 er ikkje oppfylt. Ved nyttår var det 184 bruk med økologisk drift.		
Prosjektansvarleg: Per Ingolv		Prosjektleiari: Egil
Prosjektdeltakarar Audun, Hans Jakob, Monrad, Oddvar, Bjørn-Harald, Harald, Torbjørn		


 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 21. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling	Innsatsområde: 2. Skogbruk	
Prosjekt/aktivitet: Verdiskaping på lang sikt, verdiskaping på kort sikt		
Planlagt start: 01.01.2000	Planlagt slutt: 31.12.2000	
Mål: Auke den langsiktige verdiskapinga i skogbruket gjennom auka innsats i skogreising, skogsvegbygging og områdetakstar. Halde fram arbeidet med stell av ung lauvskog med tanke på kvalitetsproduksjon. Følgje opp Verdi-skapingsprogrammet. Sette i gang tiltak for aktiv forvaltning av skogeigedomar med eigarar busette i Bergen.		
Resultatkrav: 1 1,5 mill. planter i jorda og ungsogpleie på min. 5 000 daa ved hjelp av Ekstra Skogkultursatsing 2 Målretta innsats mot minst 8 av dei mest lønnsame, men urealiserte vegprosjekta i fylket 3 Gjennomføre min. 25 Aktivt Skogbruk-kurs, særleg med vekt på rett nytting av tømmerstokken 4 Følgje opp Verdiskapingsprogrammet 5 Gjennomføre skogkveld for skogeigarar busette i Bergen og som har skog i Sogn og Fjordane		
Milepælar/tiltak: 23. og 24.03 Fellessamling skogkultur og vegbygging 01.05 Kartlagt 8 område med stor trong for veganlegg 01.05 Plan ferdig for gjennomføring av Verdiskapingsprogrammet 30.06 Skogkveld i Bergen		
Status 1 1,1 mill. planter i jorda og ungsogpleie på 4 100 daa.. 75% gjennomført. 2 Det er arbeidd med 4 område. 50% gjennomført. 3 Det er gjennomført 23 kurs, dei fleste i driftsteknikk. For lite i virkesnytting. 4 Seminar på Brandsøy gjennomført 5. desember. Løpande kontakt med SND regionalt og sentralt. Gjennomført. 5 Gjennomført.		
Prosjektansvarleg: Per Ingolv	Prosjektleder: Hans	
Prosjektdeltakarar Erik, Merete, Torkel		


 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 21. Landbruksbasert bygde- og næringsutvikling		Innsatsområde: 3. Nye næringer I
Prosjekt/aktivitet: Levedyktige bygder, ungdom og rekruttering, naturbruksprosjektet fase –1, bygdeanalyse		
Planlagt start: 01.01.2000		Planlagt slutt: 31.12.2000
Mål: Utvikling av attraktive lokalsamfunn og bygdelag med overlevingsevne. Mobilisering av lokale krefter og utvikling av positive haldningar og kultur for nyskaping og etablering. Profilerer av bygdene og landbruket på positiv måte overfor storsamfunnet m.a. gjennom tiltak som fremjar likestilling og stimulerer ungdom til å velje bygda som bu og arbeidsområde.		
Resultatkrav: 1 Prosjektplan for Levande Bygder oppdatert og konkretisert 2 Minst 3 "kompetansestover/ mini-næringshagar" etablert i fylket 3 3-årig ungdomsprosjekt utvikla, finansiert og iverksett med planlagde tiltak i 2000 4 Prosjektet "Ungt entreprenørskap" gjennomført med tiltak i samsvar med årsplan 2000 5 Prosjektet Ung framtid i distrikta oppstarta (i regi av Sogn og Fjordane 4H) 6 Fase I av Naturbruksprosjektet gjennomført med rapport innan 30.06.2000 7 Ferdige bygdeanalysar (demografisk utgåve og endeleg utgåve), og plan for strategisk bruk av bygdeanalysene.		
Milepælar/tiltak: 15.01 Stiftingsmøte for Ungdomsbedrifter i S&Fj. 15.02 Ferdig demografisk bygdeanalyse 01.03 3-årig ungdomsprosjekt utforma 07.03 Nettverkssamling Ungt entreprenørskap 15.04 Fellessamling for Levande bygder gjennomført 01.05. Bu-laga med egne heimesider 05.05 Naturbruksseminar i Fjærland gjennomført 01.06 1. samling for odelsberettiga ungdom gjennomført 15.06 Bygdeforum våren 1999 gjennomført 30.06 Ferdig rapport Naturbruksprosjektet fase1 01.07 2 nye bygder utvalde til BU-programmet 01.09 Prosjektet "Ung Framtid" starta opp. 01.09 Ferdig bygdeanalyse 10.09 Oppstartingskurs for nye bygder gjennomført 20.10 Bygdeforum/studietur hausten 2000 gjennomført		
Status Alle resultatkrava er gjennomført med unntak av nr 5 der prosjektleiar for "Ung framtid på kysten" ikkje vart tilsett før i januar 2001.		
Prosjektansvarleg: Per Ingolv		Prosjektleiar: Egil
Prosjektdeltakarar Geirmund, Oddveig, Leiv, Hans Jakob, Tom		


 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 21. Landbruksbasert bygde- og næringsutvikling		Innsatsområde: 4. Nye næringer II
Prosjekt/aktivitet: Grøn omsorg, lokal foredling og omsetning /Norsk Gardsmat, internasjonalisering og eksport		
Planlagt start: 01.01.2000		Planlagt slutt: 31.12.2000
Mål: Skape ny næringsutvikling i bygdene gjennom utvikling av opplevings- og velferdstilbud knytt til landbruket. Stimulere småskalaproduksjon og motivere til lokal foredling og omsetning av mat. Utvikle samarbeid med utlandet med sikte på å tilføre oss kunnskaper, idear for nyskaping og kontaktar for mogleg eksport av produkt og tenester frå Sogn og Fjordane.		
Resultatkrav: 1 Infomøte med kommunane gjennomført i samarbeid med SOFA, Fylkesbarnevernet, m.fl. 2 Minst 5 nye tilbydarar innan Grøn omsorg, Lærings- og Besøksgard i 2000 3 10 gardbrukarar med konkrete planar om oppstart av lokal foredling med utgangspunkt i småfe. 4 Minst 15 av NGM- medlemene delteke på kurs/studiar i kvalitetsstyring 5 Prosjektrapport Steinfrukt utarbeidd. Planta/dekka 50 daa og planlagt planta 100 daa moreller for eksport i Lærdal 6 Gjennomført studietur til Skottland for bygder i Bygdeutviklingsprogrammet		
Milepælar/tiltak: 15.02 Plan for 3 årig prosjekt for Grøn omsorg utforma 15.03 4H besøksgardar i fylket marknadsført i fellesopplegg 01.04 Samling for off. instansar i høve Grøn omsorg 01.04 Opplagg/finansiering av studietur til Skottland klart 01.06 Nettverkssamling for tilbydarar gjennomført 01.08 Etablert dekking på 30 dekar morellar i Lærdal 15.09 8 000 kg delikatessebær for konsum marknadsført 15.09 Studietur til Skottland gjennomført 01.10 Besøks/studietur for tilbydarar og brukarar gjennomført 01.04 Prosjektgruppe for prosjekt Fjordmeny etablert 01.09 Studietur for småskalaprodusentar gjennomført. 01.12 Forprosjekt Fjordmeny gjennomført. 31.12 Nasjonal strategiplan for delikatessebær på plass		
Status Nr 1 er ikkje fullt ut gjennomført. Infomøta er gjennomført utan medverknad frå SOFA og Fylkesbarnevernet. Dei andre resultatkrava er oppfylt.		
Prosjektansvarleg: Per Ingolv		Prosjektleder: Egil
Prosjektdeltakarar Monrad, Solveig, Torbjørn, Harald, Roar, Merete		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 22. Miljø og arealforvaltning	Innsatsområde: 5. Arealforvaltning	
Prosjekt/aktivitet: Arealplaner på kommunenivå, arealplaner på fylkesnivå		
Planlagt start: 01.01.2000	Planlagt slutt: 31.12.2000	
Mål: Delta aktivt ved utforming og oppfølging av arealplanar på kommune - og fylkesnivå for å sikre produksjonsarealet i jord - og skogbruk.		
Resultatkrav: 1 Gje fråsegn til alle mottekne reguleringsplanar og kommunedelplanar innan fristen 2 Oppstart med landbruksplanlegging i min. 8 nye kommunar i løpet av året 3 Felles fråsegn FMLA/FMVA i plansaker etter fullmakt 4 Delta aktivt i planprosessar på fylkesnivå gjennom styrings - og referansegrupper		
Milepælar/tiltak: 01.05 Grunnlag for sams brev i plansaker etter fullmakt 01.07 4 kommunebesøk gjennomført 01.09 Høyring verneplan / fylkesdelplan for Naustdal - Gjengedal gjennomført		
Status 1 Gjennomført. 2 Ingen kommunar starta opp i løpet av året. Ikkje gjennomført. Fleire kommunar har med landbruk som tema i kommuneplanlegginga. 3 Dette er utsett til 2001 på grunn av mannskapssituasjonen på FMVA. Ikkje gjennomført. 4 Vi er inne alle stader det er aktuelt. Gjennomført.		
Prosjektansvarleg: Per Ingolv	Prosjektleiar: Hans	
Prosjektdeltakarar Helge, Hans		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 22. Miljø- og arealforvaltning		Innsatsområde: 6. Kulturlandskap
Prosjekt/aktivitet: Forvaltning, fagleg kompetansebygging, bygningsvern		
Planlagt start: 01.01.2000		Planlagt slutt: 31.12.2000
Mål: Effektiv og kvalitetssikra sakshandsaming for MILJØTILTAK og STILK i samsvar med forskrift og forvaltingslov. Vidareutvikle fagleg kompetanse i kulturlandskap på fylkesplan, i kommunane og hos ålmenta elles. Sikre verdiane i landbruket sin bygningsmasse som omfattar freda og verneverdige bygningar gjennom restaurering og bruk.		
Resultatkrav: 1 99% korrekt sakshandsaming i kommunane 2 Sende ut tilpassa rettleiar for kulturlandskapstiltak til kommunane og til interesserte grunneigarar 3 Halde seminar for kulturmarkskjøtsel, lyngheiskjøtsel, kulturminnevern og bygningsvern, retta mot kommunar, forsøksringar og grunneigarar 4 Sikring, restaurering av 200 bygningar knytt til landbruket		
Milepælar/tiltak: 10.02 Utlysing MILJØTILTAK og STILK 01.04 Sendt ut rettleiar for bygningsvern med lokal tilpassing 01.05 Søknadsfrist områdetiltak 15.09 Tilleggssøknad om STILK - midlar 15.10 Ferdig strategidokument ved Kulturlandskapsgruppa		
Status 1 Kommunane si sakshandsaming er i bebring, men det er meir å vinne. 80% gjennomført. 2 Ikkje oppfylt. Vi ventar framleis på sentral rettleiar. 3 Alle kurs og seminar gjennomført, og i tillegg landskurs i kulturlandskap. Fagforum ”miljø” for LD og MD er gjennomført. 4 Gjennomført.		
Prosjektansvarleg: Per Ingokv		Prosjektleder: Hans
Prosjektdeltakarar Marvin		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): Miljø og arealforvaltning		Innsatsområde: 7.Landbruksureining
Prosjekt/aktivitet: Landbruksureining, områdetiltak		
Planlagt start: 01.01.2000		Planlagt slutt: 31.12.2000
Mål: Utvikle fagleg kompetanse og fremje heilskapstenking omkring miljøkvalitetar i vassdrag og kulturlandskap Utvikle lokalt engasjement for miljøverdiar gjennom samarbeid mellom grunneigarane, kommunane og ålmenta		
Resultatkrav: 1 Følgje opp saker om landbruksureining, m.a. med stikkprøvekontrollar i minst 5 kommunar 2 Overføring av forvaltningsansvar til kommunane tilrettelagt gjennom samlingar/informasjon 3 6 nye områdetiltaksprosjekt utvalde og tildelt løyving 4 Regionsamlingar for områdetiltak og oppfølging av enkeltprosjekt med vekt på vassmiljø og IMT.		
Milepælar/tiltak: 15.04 Kommunesamling om spreieareal, spreietid m.m. 20.04 Vårmøte med miljøvernavingdelinga 01.07 Områdetiltak: Gjennomført regionsamlingar med kommunar og bygder 15.07 Første runde med bekkevandringar/stikkprøvekontrollar gjennomført 15.09 Andre runde med bekkevandringar /stikkprøvekontrollar gjennomført 01.11 Gjennomført oppfølging av kommunane i høve delegering av forskriftene		
Status Nr 1 er oppfylt. Nr 2 er ikkje oppfylt. Delegeringa er utsett frå MD/LD/SFT og vil tidlegast verte gjennomført frå mars 2001. Nr 3 er oppfylt. Nr 4: Det er ikkje arrangert regionsamlingar om områdetiltak. Alle enkeltprosjekta er følgt opp og skildra i ein eigen årsrapport for områdetiltak.		
Prosjektansvarleg: Per Ingolv		Prosjektleder: Hans
Prosjektdeltakarar Oddgeir, Jenny, Hans Jakob, Kjetil		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 23. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak		Innsatsområde: 8. Produksjonstilskot og andre tilskot
Prosjekt/aktivitet: Produksjonstilskot, kontroll		
Planlagt start: 01.01.2000		Planlagt slutt: 31.12.2000
Mål: Ein stor del av inntekta til bonden kjem frå produksjonstilskot- avløyssarordningar og andre tilskot. I tillegg til registreringsarbeid og klagebehandling er det fylkesmannen si oppgåve er å informere /retteleie kommunane i deira arbeid, slik at vi får ei mest muleg lik behandling av enkeltbrukarar og best muleg flyt av data frå kommune til landbruksavdeling /St. Kornforretning og departement.		
Resultatkrav: 1 Utføre tilskotsforvaltninga til fastsette fristar 2 Informasjonsopplegg for kommunane. 2 møte, eit i april/mai med tema økologisk landbruk /avløyssarordningar og eit i august med tema regelverk for søknadsomgangen pr 31.07. 3 Redusere tal manuelle utbetalingar produksjonstilskot med 10 % i høve 1999, dvs omlag 135 utbetalingar. Reduksjonen må komme innan området økologisk landbruk. 4 Gje opplæring i bruk av Saturn, Buss, Stilk evt Sveg. 5 Utføre kontroll i 5-6 kommunar.		
Milepælartiltak: 01.03 og 01.09 Ferdig registrert produksjonstilskot pr 31.12.99 og 31.07.2000 01.04 og 01.09 Frist for overføring av ajourhaldsdata pr 31.12.99 og 31.07.00 (dvs manuelle utbetalingar vert avslutta) 01.05 Opplæring i Saturn, Buss, Stilk evt Sveg. 01.06 Ferdig registrert organisert beitebruk 10.07 Ferdig med klagebehandling søknadsomgangen 31.12..99. 15.06 Kurs for kommunane med hovudvekt på generell forskrift /velferdsordningane og areal. 20.08 Kurs for kommunane med hovudvekt på produksjonstilskot for husdyr og AK-tilskot. 15.10 Gjennomføre kontroll i 5 - 6 kommunar.		
Status 1 Vi har halde fristane for dei ulike tilskota 2 Vi har hatt eitt kurs for kommunane. På dette kurset slo vi saman tema for begge kursa vi hadde planlagt. 3 Tal manuelle utbetalingar har vi ikkje klart å redusere. Tvert om har dei auka. Årsaka til dette var at utbetaling ferie og fritid vart det svært mykje ekstraarbeid med pga sentral omlegging av edb-program og rutiner. 4 Gjennomført, men må halde fram neste år. 5 Kontroll er utført i seks kommunar		
Prosjektansvarleg: Per Ingolv		Prosjektleder: Arne
Prosjektdeltakarar Ola, Anita, Bjørg, Ivar		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 24 Landbruksadministrasjon	Innsatsområde: 9. Rettleiing og internadministrasjon	
Prosjekt/aktivitet: Kompetanse –kvalitetsikring, HMS		
Planlagt start: 01.01.2000	Planlagt slutt: 31.12.2000	
Mål: Målet er at landbruksavdelinga er omstillingsdyktig og formålseffektiv. Brei kunnskap om tilskotsordningar /system, ulike fagfelt og gode edb-kunnskapar er viktige begrep i denne sammenhengen. Viktig basis er også godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø.		
Resultatkrav: 1 Lage kompetanseplan for landbruksavdelinga. 2 Edb-og GISopplæring i tilrettelagde temakurs. 3 Oppdatere Geodataplan for embetet. 4 Opprette Geodata-nettverk som består av Gis-brukarane hjå oss /Leikanger. 5 Gjennomføre fellesmøte med administrasjonen på Leikanger. 6 Delta i innkjøpsforum 7 Ei bygdeanalyse ferdig 01.11. 8 Godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø som legg til rette for arbeidslyst og lite sjukefråvær.		
Milepælar/tiltak: 01.03 Opprette geodatanettverk for embetet. 15.03 Ferdig kompetanseplan for avdelinga. 01.07 GIS kurs for 2-3 personar LGIS evt Arc Explorer. 01.07 Edb-opplæring, tilrettelagde kurs. 15.03 Gjennomføre arbeidsmiljøgransking. 10.06 Gjennomført oppfølging /orientering av arbeidsmiljøgranskinga. 01.11 Gjennomføre vernerunde. 01.11 Gjennomgang i lag med fysioterapeut der vi ser på det fysiske arbeidsmiljø.		
Status 1 Kompetanseplan er fullført 2 Edb- og Gis-opplæring er gjennomført. 3 Geodataplanen er oppdatert 4 Geodata-nettverk er oppretta med Torkel som leiar. 5 Fellesmøter med administrasjonen er gjennomført 6 Administrasjonen har delteke i Innkjøps-forum. 7 Gjennomført 8 Vernerunden vart bestemt utsett til neste år for heile embetet. Vi har hatt gjennomgang med fysioterapeut på nytilsette sine kontorplassar.		
Prosjektansvarleg: Per Ingolv	Prosjektleiar: Arne	
Prosjektdeltakarar Erna, Torkel, Jon Anders, Oddveig		

3.2. Miljøvernavdelinga

3.2.1. Måloppnåing på resultatområda

I 2000 har aktiviteten på miljøvernområdet vore høg og prega av stort arbeidspress. Avdelinga handterer mange, og varierte saksfelt der det ofte er høgt konfliktnivå. Media er ofte oppteken av saker på avdelinga, spesielt gjeld dette vernesaker, strandsoneforvaltning og rovvilt, som ofte får negative vinklingar. Av spesielle aktivitetar i 2000 kan vi nemne avslutninga av prosjektet med felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal. Verneplan for myr har også vore spesiell arbeidskrevjande og eit utkast til verneplan er snart klar for lokal høyring. Som tidlegare år er det handsama mange saker vedr. inngrep i vassdrag. På rovdyrfronten var det betalt ut rekordstore erstatningar for tap av jervedrepne sau og lam i kommunane Luster, Årdal og Lærdal.

Resultatområde 01 Vern og bruk av biologisk mangfald

Områdeforvaltning

Arbeidet med verneplan for myr er ført vidare, med stor vekt på kontakten med grunneigarar og lokalmiljø. Dette er svært arbeidskrevjande, og eit framlegg til verneplan for fagleg godkjenning er no straks klart. Skjøtselsplan for Erdalen, Sunndalen og Bødalen i Jostedalsbreen nasjonalpark er utarbeidd og sendt på høyring. Det er gjennomført lokal og sentral høyring av eit framlegg til ein felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal og saka er klar for oversending til DN og MD. Arbeidet med Naustdal-Gjengedal skjer i nært samarbeid med fylkeskommunen som har hovudansvaret for ein fylkesdelplan for stølsdalane rundt området. Det er vidare gjennomført lokal høyring av eit privat framlegg til naturreservat (barskog) i Engevik i Solund.

Forvaltninga av verneområda er vidareført med vekt på informasjon og dialog med grunneigarar, kommunar og andre samarbeidspartnarar.

Som dei føregåande åra er det handsama ei rekkje inngrepssaker knytte til vassdrag (kanalisering og forbygging, mikro- og minikraftverk m.v.). Fleire vassdrag i Sogn og Fjordane er pga forbyggingar og andre inngrep utsette for ei gradvis øydelegging av naturlege elvekantar, med reduksjon av skjul og oppvekstområde for fisk. Våre krav og tilrådingar til NVE vert følgt i mange tilfelle, men kontroll og oppfølging av våre tilrådingar har det ikkje vore kapasitet til.

Det er i 2000 handsama 7 søknader om fritak frå Samla Plan for vassdrag. Det er utarbeidd 3 vassdragsrapportar.

Vidare er det utarbeidd/under utarbeiding totalt 11 VVV-rapporter (verneverdiar i verna vassdrag).

Det er gjeve fråsegn til 1 større kraftutbyggingssak: Kjosnesfjorden kraftverk i Jøstravassdraget der fylkesmannen konkluderte med at dette er ei konfliktfylt og vanskeleg kraftutbyggingssak: Dersom det skal gjevast konsesjon, peikte fylkesmannen på det minste alternativet som minst konfliktfylt og eit alternativ (178 GWh) med nest minst inngrep og likevel god økonomi som eit aktuelt kompromiss. Det er vidare gjeve fråsegn til eit konsesjonssøknad for Pollen kraftverk (42 GWh) i Norddalsvassdraget der fylkesmannen under visse føresetnader ikkje gjekk i mot søknaden.

Kalking av sure og utsette vatn og vassdrag er gjennomført i samsvar med plan. Kalking av ein ny lokalitet er sett i verk. I alt vert om lag 10 km² innsjøareal kalka i tillegg til elvestrekningar. I 7 kommunar er forsuringstatus kartlagt. Prøvefiske er utført i 16 innsjøar fordelt på 5 kommunar og resultatata er vurdert i høve til forsuring/kalkingsstrategi. Fleire stader er større kalkingsprosjekt aktuelle, men midlane har vore avgrensa.

Vi er representerte i styringsgruppa for eit evalueringsprosjekt skal gjennomgå og samanstillе alle fiskedata frå Aurlandselva. Målet er å få best mogleg kunnskap om effektane av reguleringa slik at vi kan optimalisere dei kompenserande tiltaka og konkretisere kva som eventuelt bør undersøkast vidare.

Det er utført fiskeribiologiske granskinger i nokre av dei regulerte vassdraga, m.a. Årøyelva og Gløppenelva.

Artsforvaltning

Arbeidet med kartlegging av storfugl og hønehawk er vidareført, og vart avslutta i 2000. Prosjektet har som mål å skaffe betre oversikt over bestandsituasjonen i fylket. Det har vidare vore arbeida med å få kartfesta opplysningar om trua og sårbare artar i fylket.

Rovdyrskadane har i 2000 vore dei største sidan 1986. Den gongen var det ein jerv med tre bein, "trefotingen", som gjorde stor skade i Gløppen. I år er det kommunane Årdal, Luster og Lærdal som er hardest ramma. Berre i desse tre kommunane er det utbetalt rovvilterstatning på til saman kr 616.216,-. Det meste av dette er jerveskader. Samarbeidet i innan rovviltforvaltninga, m.a. gjennom rovviltutvalet, har fungert godt.

Det er brukt mykje ressursar på å førebu og informere kommunane om reformene innan hjorteviltforvaltninga og lagt vekt på å tilretteleggje for forenklingar. Pga mildver og lite snø i høgare strok i ordinær hjortejaktperiode vart det opna for tilleggsjakt i desember.

Arbeidet med overvaking av anadrome laksefisk og innlandsfisk er vidareført, med stor innsats på ungfiskgranskinger, gytefiskregistreringar og kartlegging av *G. salaris*. I Lærdalselva har det vore fleire prøvetakingsrunder, som viser korleis *G. salaris* spreier seg etter den nye påvisinga i oktober 1999. Forskriftene for fiske etter anadrome laksefisk i sjøen og i vassdraga er revidert etter planen.

Driftsplanprosjektet har vore godt i gjenge både på vilt- og fiskesida - fram til avslutning av prosjektet 31.12.00.

Lakseoppsynet har som vanleg hatt aktivitet i dei viktigaste lakseeelvane og i fjordane ut til grunnlinja. Fokuset på det heilskaplege naturoppsynet har auka. Samarbeidet med Kystvakta er vidareført. Samarbeid med Statens Naturoppsyn (SNO) er kome godt i gang, m.a. på bakgrunn av ny SNO-stilling i Jostedalsbreen nasjonalpark med kontorstad i Oppstryn.

Det er rapportert inn fangstar på totalt 20 590 kg laks og 9112 kg sjøauare frå elvefisket i år. Dette er høgaste laksefangst på ti år, og inneber ein monaleg auke i høve til dei historiske botnsesongane 1996-99. Det var smålaks og mellomlaks som bidrog til den høge fangsten, medan fangsten av storlaks var dårleg. Trass i det generelt gode innsiget av laks også i Sogn og Fjordane, var den samla laksefangsten for sjø- og elvefisket i fylket faktisk lågare enn i 1997 og monaleg lågare enn totalfangsten fram til og med 1995. Den samla sjøaufangsten ligg på nivå med fangstane på 1990-talet.

Mange viktige bestandar framleis er framleis svake, og må forvaltast med varsemd også kommande sesong. Blant lakseeelvane som var freda i år finn vi Stryneelva, Oldnelva, Lærdalselva, Nærøydalselva, Flåmselva og Jølstra. Det er dokumentert skadar og sannsynleg stor daude av laksesmolt i Nordfjord og Sogn dei siste vårane, og truleg er belastninga størst på elvane inst i fjordsystema. Forskarane hevdar at gode oppvekstvilkår i havet er den viktigaste forklaringa på det generelt gode lakseinnsiget. Oppgangen i elvefisket i Sogn og Fjordane må også sjåast i samband med at fisketrykket i sjøen vart monaleg redusert i år ved at kilenotsesongen først starta 10. juli.

Gytefiskregistreringar i fleire elvar stadfestar at også gytebestandane i år er større enn på lenge, men igjen finst det unntak blant dei freda lakseeelvane. Det er gjennomført ei omfattande overvaking av rømd oppdrettsfisk i elvefisket og i overvakingstasjonar i sjøen.

Av innførte artar utgjer karpesfiska ørekyt framleis ein trussel mot naturleg heimehøyrande fisk i tre vassdrag (Jøstravatnet i Jøstravassdraget, Smedalsvatna i Lærdalsvassdraget og i Holsbruvatnet og Nedre Biskopvatnet i Årdalsvassdraget).

Innan oppdrettssida er det handsama mange søknader om lokalitetar for matfiskoppdrett, settefiskanlegg og skjellanlegg. Det er lagt vekt på å gje faglege innspel til fiskeristyresmaktene slik at

interesser og retningslinjer i høve til miljøverknader blir følgt opp. Sakshandsamartida er monaleg redusert i løpet av året.

Resultatområde 2: Friluftsliv

Området er lågt prioritert pga. knappe ressursar. Fylkesmannen har fordelt tilskot, i nær kontakt med fylkeskommunen og organisasjonane. Elles blir omsynet til friluftsliv følgt opp gjennom innspel i plan- og inngrepssaker.

Resultatområde 4: Hav- og vassureining

Vi har i 2000 følgt opp arbeidet med fastsetjing av lokale miljømål for vassførekomstane overfor kommunane. Våren 2000 blei det arrangert kurs om miljømålarbeid og resipientovervaking, med stor oppslutnad frå kommunane. Miljømålarbeid er òg teke opp i samband kommuneplanar og hovudplanar for avløp. Så langt vi har oversikt er oppfølginga frå kommunane så langt heller dårleg.

Det har det blitt gjort ein vesentleg innsats mot kommunane i arbeidet med opprydding på avløpssektoren. Det er m.a. skrive ut nye utseppsløyve for avløpsanlegga i 11 kommunar. I oktober blei det arrangert 2 regionale samlingar om ny avløpsforskrift og delegering av myndigheit til kommunane frå 01.01.2001. Alle kommunane deltok. Arbeidet med å leggje til rette dei saksdokumenta som skal leverast ut til kommunane i samband med delegeringa blei starta opp, men utsending skjer først på nyåret.

Det blei gjennomført revisjonar av internkontroll på avløpssektoren i 2 kommunar – som planlagt.

Når det gjeld industri med utsepp til vatn har det vore ein del rutinemessig oppfølging både av næringsmiddelindustri og fiskeforedling. Det bli gjennomført revisjon av ei fiskeforedlingsverksemd, men planlagt revisjon av eit meieri blei utsett, i første rekkje på grunn av uvisse om framtidig meieristruktur i fylket.

Resultatområde 6 : Avfall og gjenvinning

Arbeidet med oppgradering av utseppsløyva for avfallsplassar held fram. Drifta ved 2 ikkje-tilfredsstillande avfallsplassar er avvikla i 2000. Alle avfallsanlegga har fått krav om utfasing av våtorganisk avfall. Dei avventar utfallet av avgjerd i SFT i ei klagesak i Sunnfjord Miljøverk som har ført til at framdrifta har stoppa opp.

Resultatområde 9: Regional planlegging

I 2000 har miljøvernavingdelinga hatt til handsaming 344 saker etter plan og bygningslova, av desse galdt 102 dispensasjonar, og halvparten av desse att galdt dispensasjonar i 100-m-beltet. Vi har nytta motsegn i 4 saker (2 av desse galdt strandsona) og påklaga eitt vedtak om dispensasjon i strandsona.

Talet på dispensasjonar er likevel monaleg større enn dette, fordi vi i felles rundskriv saman med fylkeskommunen frå 1996 (under revisjon) har bede kommunane om å ikkje sende ”kurante saker” på høyring til fylkesnivået.

Talet på saker er ein god del større enn i 1999, og gjennom hardhendt prioritering har vi likevel vore praktisk talt a jour med fristar. Arbeidet i planforum fungerer godt, med gode tilbakemeldingar frå kommunane. Avdelinga har delteke i arbeidsgrupper og på regionale møte om fylkesplanlegging. Ei prøveordning med arbeidsdeling med fylkeskommunen har vore vidareført, og ser ut til å fungere rimeleg greitt. Forum for bærekraftig utvikling (LA-21) er vidareført.

Resultatområde 10 : Kart og geodata

Arealis er vidareført med datafangst, og på slutten av året vart det lagt inn mykje data. Prosjektperioden er ute, men arbeidet vil bli vidareført på eit minimumsnivå med same prosjektorganisering. Miljøvernavingdelinga har medverka til utarbeiding av Geodataplan for embetet, og det er gjort mykje arbeid med innsamling, digitalisering og tilrettelegging av data, m.a. om biologisk mangfald. Mykje av miljøvernavingdelinga sine data er også gjort tilgjengelege over Internett gjennom TITAN-prosjektet, m.a. Naturbasen (EDNA).


Resultatområde 11: Organisasjon og økonomi


Avdelinga har hatt eit stort arbeidspress i 2000, m.a. pga stor saksmengd og høgt konfliktnivå i mange av sakene. Dette set store krav til sakshandsaminga. Ved utgangen av året hadde avdelinga totalt tilsett 18 personar. Av desse 17 faste og 1 tidsavgrensa stilling. I tillegg betalar avdelinga for rekneskap- og IT-tenester på administrasjonsavdelinga. Avdelinga har sidan 1999 redusert bemanninga med om lag 1,5 årsverk. Miljøvern avdelinga gjennomførte i 2000 ein organisasjonsgjennomgang der konklusjonen var at ein framleis oppretthaldar inndelinga i to seksjonar: Vassøkologisk seksjon og Landøkologisk seksjon. Det vart oppretta ny stilling som vassdragsforvaltar og oppgåver innan dette området vart overført frå landøkologisk til vassøkologisk seksjon.


Rekneskapen på kap.1406 post 01 viser eit underskot på kr. 27.000.


3.2.2. Planskjema for innsatsområda


FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 01: Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfold	Innsatsområde: Vassdragsregulering og andre inngrep i vassdrag	
Prosjekt/aktivitet: Planleggje og avtale nytt prosjekt "Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane" i lag med vassdragsregulantane i fylket, slik at prosjektet kan starte opp 01.04.2001. Prosjektet skal omfatte prøvefiske i reguleringsmagasin og i lakseførande elvar.		
Planlagt start: 01.01. 2000 (prosjektplanlegginga)	Planlagt slutt: 01.11.2000 (prosjektplanlegginga)	
Mål: <u>Overordna mål:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Sikre bærbara og høstbare fiskebestander i regulerte vassdrag, jf. lov om laksefiske og innlandsfisk § 1. • Ansvarleggjøre sektorstyresmaktene i gjennomføringen av miljøvernpolitikken (jf. St.meld. nr. 8 (1999-00)). • Gjennomgang av kompensasjonstiltak i regulerte vassdrag for å komme fram til meir tilpassa og effektive vilkår som totalt sett ikkje er meir tyngande for regulanten (jf. St.meld. nr. 8 (1999-00)). • Styrke kunnskapsgrunnlaget for villaksen gjennom styrka og meir målretta forskning og overvaking (jf. St.meld. nr. 8 (1999-00)). <u>Mål for 2000:</u> Planleggje og avtale nytt prosjekt "Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane" i lag med vassdragsregulantane i fylket, slik at prosjektet kan starte opp 01.04.2001. Prosjektet skal omfatte prøvefiske i reguleringsmagasin og i lakseførande elvar.		
Resultatkrav: <ul style="list-style-type: none"> • Reglantane i fylket skal foreleggjast eit prosjektutkast innan 20.08.2000 slik at dei kan ta stilling til om dei vil vere med i prosjektet i samband med budsjettplanlegginga for år 2001. • Avtale om prosjektstart i år 2001 skal vere klar innan 31.12.2000. 		
Milepælar/tiltak: <ul style="list-style-type: none"> • Sende informasjon til regulantane om prosjektet og ønskt framdriftsplan innan 01.02.2000. • Avtale og gjennomføre møte med arbeidsgruppa som vart sett ned på avslutningsmøtet for prosjektet "Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane 1994-1997" innan 01.03.2000. • Arbeidsgruppa skal utarbeide prosjektforslag som skal sendast på høyring til regulantane innan 01.06.2000. • Oppstartmøte skal gjennomførast (dersom det er behov for eit møte) innan 01.09.2000. • Prosjektavtale klar innan 31.12.2000. 		
Status: - Dei planlagde tiltaka er gjennomførte og prosjektavtale er klar. Prosjektet er planlagt oppstarta 01.04.01 – noko avhengig av når prosjektleiar kjem på plass.		
Prosjektansvarleg: Gøsta Hagenlund	Prosjektleder: Eyvin Søltnæs	
Prosjektdeltakarar Eyvin Søltnæs		


 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 04 Hav- og vassureining		Innsatsområde: Kommunalt avløp
Prosjekt/aktivitet: Opprydding på avløpssektoren/revidering av gamle utsleppsløyve – overføring av myndigheit til kommunane.		
Planlagt start: 01.01.2000 (forts. frå 1999)		Planlagt slutt: 01.10.2000
Mål: <u>Overordna mål:</u> Det er eit nasjonalt mål at oppryddinga på avløpssektoren i hovudsak skal vere gjennomført innan utgangen av år 2000. Vi skal arbeide for at den nasjonale målsetjinga også skal oppfyllest i kommunane i Sogn og Fjordane. <u>Mål for 2000:</u> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Nasjonale mål og Statlege minstekrav for avløpssektoren skal vere nedfelt i alle kommunale utsleppsløyve. ▪ Kommunane skal vere kjende med ny avløpsforskrift, og best mogeleg førebudde på overtaking av nye oppgåver/myndigheit på avløpssektoren. 		
Resultatkrav: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunane i Sogn og Fjordane skal ha oppdaterte utsleppsløyve for avløpsvatn frå tettstadene/utslepp større enn 100 p.e. i samsvar med forureiningslova, og statlege krav til reinsing. ▪ Det skal gjennomførast opplæring av kommunale saksbehandlarar i ny avløpsforskrift m/tilhøyrande rettleiingsmateriale. ▪ Alle saksdokument i delegerte saker på avløpssektoren skal overleverast dei einskilde kommunane. 		
Milepælar/tiltak: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Innan 31. juni 2000 skal ingen kommunale utslepp større enn 100 personeiningar (p.e.) ha utsleppsløyve eldre enn 10 år. ▪ Innan 31. juni 2000 skal det setjast tidsfristar for oppryddingstiltak for dei kommunane som ikkje har oppfylt dei statlege minstekrav til reinsing/utslepp. ▪ Innan 1. mai 2000 skal det vere gjennomført samling for kommunane, med info. og opplæring i samband ny avløpsforskrift og delegering av myndigheit til kommunane. ▪ Innan 1. oktober 2000 skal alle kommunane ha fått overført saker/saksdokument i samsvar med delegert myndigheit på avløpssektoren. 		
Status: Tiltaka er gjennomførde, men noko seinare pga at forskriften vart vedteke seinare enn opprinneleg signalisert. Alle kommunane fekk innan årsskiftet (då forskrifta tok til å gjelde) overført saker/saksdokument i samsvar med delegert myndigheit på avløpssektoren.		
Prosjektansvarleg: Gøsta Hagenlund		Prosjektleder: Bjarne Nes
Prosjektdeltakarar Bjarne Nes, Eli Mundhjeld		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde: 04 Hav- og vassureining	Innsatsområde: Miljømål for vassførekomstar	
Prosjekt/aktivitet: Miljømål for vassførekomstar		
Planlagt start: 1999	Planlagt slutt: 2005	
<p>Mål: <u>Overordna mål</u>, jf. Stortingsmelding nr. 58 (1996/97) "miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling"; Det strategiske målet Regjeringa vil leggje til grunn for arbeidet med hav- og vassureining, er at det skal sikrast ein vasskvalitet i ferskvassførekomstar og sjø som sikrar oppretthalding av artar og økosystem og ivaretek omsynet til helse og trivsel for menneska. Vidare vert m.a. følgjande resultatmål oppgjeve:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viktige vassførekomstar nær område der folk bur og oppheld seg dagleg og som frå naturen si side er eigna for bading og friluftsliv, skal sikrast ein vasskvalitet som tilfredsstillar slik bruk, og eit vern av tilgrensande areal mot nedbygging og skadelege inngrep. • Vassførekomstar og kystområde av særskilt verdi for bevaring av det biologiske mangfaldet, skal sikrast mot skadeleg utslepp og påverknad. <p>Det er vidare eit nasjonalt mål (ut i frå internasjonale avtalar) at utslepp av næringsssalta fosfor og nitrogen i utsette delar av Nordsjøen skal vere redusert med om lag 50 % innan år 2005 rekna frå 1985. I framtida vil kommunane få auka ansvar for forvaltninga av vassførekomstane og ureining (overgjødning) som fører til lokale problem. Fylkesmannen skal m.a. via arbeidet med miljømål for vassførekomstar vere ein pådrivar i prosessen med å få kommunane til å ta ansvar for å sikre ein vasskvalitet i sine vassførekomstar i tråd med lokale brukar- og verneinteresser, og i tråd med nasjonale miljømål. Dette skal m.a. skje ved fastsetting av miljømål for vassførekomstar i planar etter plan- og bygningslova.</p>		
<p>Resultatkrav:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Halde oppe på same nivå eksisterande overvaking av vassførekomstar i fylket, og arbeide for å utvide overvakinga av vassførekomstar med ein i 2000. • Ha påverka kommunane til å fastsetje for miljømål for lokale vassførekomstar. 		
<p>Milepælar/tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilbod til kommunar om støtte til overvaking i særskilt utvalde resipientar innan 31.02. • Vassprøvetaking 22.03, 14.06, 16.08, 04.10. • Utarbeide førebels statusrapport og sende denne til SFT innan 10.06. • Halde kurs saman med NIVA for kommunane om "Miljømål for vassførekomstar" innan juni 2000. • Innan 01.10: Søkje SFT om tilskot til vassovervakinga neste år • Arbeide for at minst ein kommune startar opp arbeidet med å fastsetje lokale miljømål • Gje særskilde innspel om krav og forventningar til miljømålarbeidet i alle kommuneplanar o.l. vi har til handsaming. 		
<p>Status: Tiltaka er gjennomførde med unntak av at kommunane ikkje fekk tilbod om tilskot til overvaking i 2000 pga at ein stor del av tildelte midlar gjekk til kurset "miljømål for vassførekomstar". Resten av midlane gjekk til fylkesmannen si prøvetaking.</p>		
Prosjektansvarleg Gøsta Hagenlund	Prosjektleder: Eli Mundhjeld	
Prosjektdeltakarar: Bjarne Nes, Grete Haugan, Lisbeth Dahle		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 01 Vern og bruk av biologisk mangfald		Innsatsområde: Nasjonalparkplanen
Prosjekt/aktivitet: Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal – Gjengedal		
Planlagt start: August 1998		Planlagt slutt: Hausten 2000
Bakgrunn og Mål: I nasjonalparkmeldinga (St. meld nr 62 1991-92) er det gjort framlegg om Naustdal – Gjengedal planlagd som nytt verneområde. Samstundes er både Nausta og Gjengedalselva plassert i Kategori I i Samla plan for vassdrag, dvs er klarert for konsesjonshandsaming med tanke på kraftutbygging. MD har bestemt at det skal gjennomførast ein felles planprosess med verneplan og fylkesdelplan i samarbeid med fylkeskommunen. Målsetjing: <ul style="list-style-type: none"> • Greie ut og så langt mogeleg avklare tilhøvet mellom vern, kraftutbygging og andre brukarinteresser • Dra opp målsetjingar og verkemiddel innan næringsutvikling og busetnad i bygdene rundt det aktuelle området • Ha ein ryddig prosess med stor grad av medverknad frå dei 4 kommunane, grendelag, grunneigarar og interesseorganisasjonar • Tilretteleggje for ein mest mogeleg samordna prosess slik at ein unngår unødvendig dobbeltarbeid. 		
Resultatkrav: <ul style="list-style-type: none"> • Planarbeidet skal gjennomførast i løpet av 2 år • Vi skal sende over eit framlegg til verneplan til DN hausten 2000 		
Milepælar/tiltak i 2000: Prosjektplan med målsetjingar, organisering, framdrift vart vedteke av styringsgruppa desember 1998. Vi ligg nokre månader etter skjema, men tek likevel sikte på å verte ferdig i løpet av år 2000. <ul style="list-style-type: none"> • Ha første høyringsutkast ferdig til 01.02.2000 • Fagleg godkjenning i DN i løpet av februar. • Sende planen på høyring i månadsskiftet februar/mars • Gjennomføre lokal, og eventuell også sentral, høyring innan 01.09.2000. • Oppsummere merknadene i SG og kome med tilråding til DN/MD før nyttår. 		
Status: Tiltaka er gjennomførde med noko forseinka framdrift (om lag ein månad etter skjema). Oppsummering av lokal og sentral høyring vert sendt over til DN og MD i løpet av februar 2001.		
Prosjektansvarleg: Oddvar Flæte		Prosjektleder: Christian E. Rekkedal
Prosjektdeltakarar: I tillegg: Nils Erling Yndesdal, Per Ingolv Nygård, Tom Dybwad		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 01 Vern og bruk av biologisk mangfald	Innsatsområde: Biologisk mangfald	
Prosjekt/aktivitet: Dokumentasjon, kvalitetssikring og formidling av stadfesta data om biologisk mangfald		
Planlagt start: Januar 2000	Planlagt slutt: Desember 2000	
Mål: Det biologiske mangfaldet skal ivaretakast. Dette er eit prioritert mål i den statlege miljøvernpolitikken. Ein viktig føresetnad er at viktige areal for biologisk mangfald vert kartlagt, dokumentert og synleggjort. Kunnskap og oversikt over areal som er viktige for biologisk mangfald er dei ulike verdiane er grunnleggjande for å kunne ivareta og forvalte det biologiske mangfaldet. <ul style="list-style-type: none"> • Det er eit prioritert mål at kommunane startar opp arbeidet med å kartleggje det biologiske mangfaldet i 1999. • Kunnskapen om nøkkelartar i fylket må bli betre. • Stadfesta informasjon om biologisk mangfald og trua artar må gjerast tilgjengeleg for kommunane. 		
Resultatkrav: <ul style="list-style-type: none"> • Ta i bruk fagbasar som Naturbasen, Rovbasen og Limnobasen, og oppdatere, kvalitetssikre og supplere data i samsvar med gjeldande standardar • Gjere tilgjengeleg stadfesta arealdata om biologisk mangfald gjennom AREALIS og over Interenett (TITAN) • Tilretteleggje og formidle data til (startpakkar) og motivere, rettleie og kvalitetssikre kommunane sitt arbeid med kartlegging av biologisk mangfald 		
Milepælar/tiltak: Jan-mar: Installere og ta i bruk nye versjonar av Naturbasen, Rovbasen og Viltbasen, ajorføre eksisterande og leggje inn nye data Mar: prioritere og fordele tilskot til kommunane til kartlegging av biologisk mangfald Mar-apr: Utarbeide ”startpakkar” for prioriterte kommunar (4) Mai-august: Rettleie kommunane med kartlegging av biologisk mangfald (før og under feltperioden) Sep-nov: Kvalitetssikre, (evt. digitalisere) og leggje data frå kommunane inn i Naturbasen og AREALIS		
Status: Tiltaka er gjennomførde. Har likevel vore noko problem med framdrifta pga sein ferdigstilling av databasar i DN. Dette gjeld spesielt Rovbasen.		
Prosjektansvarleg Jofred Takle	Prosjektleder: Heidi Sandvik	
Prosjektdeltakarar: Jo Tore Kristoffersen, Stein Arild Hoem, Hermund Mjelstad, Elin Halrynjo		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde: 01 Vern og bruk av biologisk mangfald	Innsatsområde: Tematiske verneplanar	
Prosjekt/aktivitet: Verneplan for edellauvskog		
Planlagt start: Sommaren 1999	Planlagt slutt: 1. halvår 2001	
Mål: I samsvar med St. meld. 68 (1980-1981) om vern av norsk natur skal FM utarbeide framlegg til verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane <ul style="list-style-type: none"> • Verneplanen skal sikre eit representativt utval av edellauvskogtypene i fylket. • Verneplanen skal utarbeidast gjennom ein prosess der ein har nær kontakt og dialog med både grunneigarar, lokalsamfunn og fagmiljøa. 		
Resultatkrav: <ul style="list-style-type: none"> • Prosessen skal vere mest mogleg inkluderande, der både lokalsamfunn og landbruksavdelinga bør delta aktivt. • Verneplanen som fylkesmannen sender over til DN skal innehalde dei områda med høgast verneverdi innan dei ulike edellauvskogtypene, med særleg vekt på større samanhengjande område og på typar som er sjeldsynte eller truga og/eller er av nasjonal eller internasjonal verdi. Område med spesielt sjeldsynte eller truga artar bør vere med dersom desse artane er vanskelege å sikre utan bruk av naturvernlova. For område med klare konflikter skal det så langt mogleg også liggje føre alternativ, slik at det er høve til å gjere reelle val. • Det skal for kvart område vere teke stilling til i kva grad verneverdien er avhengig av skjøtsel. For dei skjøtelsavhengige områda skal det vere utgreidd til kva som skal gjerast for å skjøtte dei. • Dei konfliktane som ikkje har vore moglege å løyse gjennom prosessen i fylket, skal vere utgreidd på ein oversiktleg måte ved oversending til sentral handsaming, slik at endeleg avgjerd kan byggje på mest mogleg korrekt informasjon og konflikt-innsikt. 		
Milepæl/tiltak: <ul style="list-style-type: none"> • 1. mai: Spørsmål om potensielt interessante edellauvskogar i skogbruksmessige nullområde skal vere avklart med kommunane og landbruksavdelinga. • 15. mai: Trong for tilleggsregistreringar skal vere avklart, og i så fall setjast i gang så snart som mogleg etter dette (krev tilførte midlar frå DN) • 1.jul: Brev om oppstart av den nye edellauvskogplanen skal sendast ut. • 31. des. 2000: Etter informasjonsbrev og uformell kontakt skal alle grunneigarar ha fått tilsendt kart med tentativt innteikna grenser, saman med verneforskrift-utkast som diskusjonsgrunnlag. • Mar 2001: Fagleg godkjenning i DN • Mai 2001: Lokal høyring • Sep 2001: Høyringsfrist • Nov 2001: Oversending til DN. 		
Status: Arbeidet er ikkje starta opp. Dette pga at arbeidet med verneplanen for myr krevde meir ressursar enn planlagt. Kravet frå DN er no oppstart av arbeidet innan 31.12.01.		
Prosjektansvarleg Jofred Takle	Prosjektleder: Johannes Anonby	
Prosjektdeltakarar: Landbruksavd., Elin Halrynjo, Jo Tore Kristoffersen		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde: 01 Vern og bruk av biologisk mangfald	Innsatsområde: Tematiske verneplanar	
Prosjekt/aktivitet: Verneplan for myr		
Planlagt start: Hausten 1998	Planlagt slutt: Oktober.2000	
Mål: I samsvar med St. meld. 68 (1980-1981) om vern av norsk natur skal FM utarbeide framlegg til verneplan for myr i Sogn og Fjordane <ul style="list-style-type: none"> • Verneplanen skal sikre eit representativt utval av myrtypar - og myr-vegetasjonstypar - i fylket. • Verneplanen skal utarbeidast gjennom ein prosess der ein har nær kontakt og dialog med både grunneigarar, lokalsamfunn og fagmiljøa. 		
Resultatkrav: <ul style="list-style-type: none"> • Prosessen skal vere mest mogleg inkluderande, der både lokalsamfunn og landbruksavdelinga bør delta aktivt. • Verneplanen som fylkesmannen sender over DN skal innehalde dei områda med høgast verneverdi innan dei ulike myr- og vegetasjonstypane, med særleg vekt på større samanhengjande område og på typar som er sjeldsynte eller truga og/eller er av nasjonal eller internasjonal verdi. For område med klare konfliktar skal det så langt mogleg også liggje føre alternativ, slik at det er høve til å gjere reelle val. • Dei konfliktane som ikkje har vore moglege å løyse gjennom prosessen i fylket, skal vere utgreidde på ein oversiktleg måte ved oversending til sentral handsaming, slik at endeleg avgjerd kan byggje på mest mogleg korrekt informasjon og konflikt-innsikt. 		
Milepælartiltak: <ul style="list-style-type: none"> • 1. mars – utkast til verneplan sendast DN for fagleg godkjenning • 1. mai – framlegg til verneplan endast på lokal høyring, høyringsfrist 1.sept. • Juni-aug.: tilleggsinventeringar i utvalde område, særleg Tvinna • Juni-aug.: synfaringar og oppfølging i nær kontakt med grunneigarar o.fl. • 1. nov. : revidert verneframlegg med tilråding sendast DN 		
Status: Arbeidet er forseinka. Hovudbakgrunnen for dette var trongen for nye feltregistreringar som følgje av lokale innspel Pr 31.12.00 var utkastet til verneplan i sluttfasen før oversending til fagleg godkjenning til DN. Det vert lagt opp til oversending til DN innan 01.04.01.		
Prosjektansvarlig Jofred Takle	Prosjektleder: Johannes Anonby	
Prosjektdeltakarar: Landbruksavd., Elin Halrynjo, Jo Tore Kristoffersen		

3.3. Kommunalavdelinga

Kommunalavdelinga vart etablert hausten 1999 og er seksjonert i beredskaps-, juridisk-, kommuneøkonomi- og sosial- og familieseksjon. 2000 er såleis det første heile året for avdelinga i si noverande form.

3.3.1. Måloppnåing på resultatområda

Tverrgående utfordringar

Styringsdialogen med kommunane

Fylkesmannen har lagt vekt på nær kontakt med kommunane. Det har såleis vore besøk i 14 kommunar kor ein eller fleire frå avdelinga har delteke. Vi har også lagt vekt på å samordne arbeidet med Handlingsplan for eldre og Handlingsplan for helse- og sosialpersonell kring planansvar og rapportering. Saman med fylkeslege og utdanningsdirektør har vi formidla nasjonale mål og retningslinjer som er viktige for kommunane gjennom heftet "Kommunale oppgåver i høve til nasjonale mål og retningslinjer". Vi har også utarbeidd "Serviceerklæring" med sakshandsamingstider på utvalde område i embetet. Styringsdialogen med kommunane har også vore eitt av embetet sine hovudinnsatsområde, jf. 2.2 – planskjema for hovudinnsatsområda og resultatområde 2.1.

Fagleg informasjon til kommunane på barnehageområdet har skjedd i fellesmøte med Statens utdanningskontor og fylkesmannen.

Rettstryggleik, tilsyn

Rettstryggleik er eit av dei overordna måla for embetet. Det vert lagt vekt på å sikre enkeltmenneske sine rettar. Dette gjeld både ved avgjerder i enkeltsaker, og ved tilsyn med sosiale institusjonar. I serviceerklæringa har vi såleis lagt føringar på sakshandsamingstider kor vi særleg har prioritert saker som særleg seg mot enkeltpersonar.

Tilsyn med sosiale institusjonar har vi ikkje makta å gjennomføre fullt ut i samsvar med lover og forskrifter, men vi har prioritert institusjonar for barn og i rusomsorga.

Vi har også lagt vekt på å vera tilgjengeleg for publikum på telefon og å gje råd og rettleiing pr. brev.

Handlingsplanar

Oppfølging av dei statlege handlingsplanane har stått sentralt i avdelinga sitt arbeid. Handlingsplan for eldre og Handlingsplan for sosialtenesta si førstelinge har såleis vore eigne innsatsområde for avdelinga i 2000. Det har også vore eit nært samarbeid med fylkeslegen i arbeidet med Handlingsplanen for helse- og sosialpersonell og Opptrappingsplanen for psykisk helse.

Samarbeidsfora mellom sosialtenesta, trygde- og arbeidsmarknadsetatane

Arbeidet har vore vidareført etter avtale mellom partane, og frå fylkesmannen har vi særleg lagt dette inn i arbeidet med "Kunnskap og brubygging".

Grøn omsorg

Landbruksavdelinga har hatt ansvaret for dette arbeid og kommunalavdelinga har delteke på samlingar for interesserte tilbydarar med råd og rettleiing.

MiljøverndepartementetResultatområde 09 Regional planlegging

Avdelinga handsamar klager på reguleringsplanar vedtekne av kommunestyret.

Det kom inn 14 slike saker i 2000, mot 17 i 1999. Målsetjinga i verksemdplanen om at sakshandsamingstida hjå oss ikkje skulle overstige 3 månader vart nådd.

Fylkesmannen har også oppgåver knytt til handhevinga av rikspolitiske bestemmelsar om mellombels etableringsstopp for kjøpesenter. Seksjonen handsama 1 slik sak i 2000.

Barne- og familiedepartementetResultatområde 41 Barnehagar

Fylkesmannen tildelte i 2000 ca. kr. 123.mill. i statstilskot til barnehagane i fylket. Av dette er ca. kr. 785.000 tildelt til tospråkleg assistanse i barnehagen.

Barnehagedekninga i fylket er gjennomgåande god med ein dekningsprosent på omlag 70 %. Det er få kommunar som har ventelister, men det er framleis ein del arbeid med å brukartilpasse barnehagetilboda.

Det er gjort vedtak om kr. 600.000 i stimuleringstilskot til 75 nye plassar i 7 kommunar.

Brukartilpassa tilbod og full barnehagedekning har vore sentrale tema. Skolesjefsamlingane har hatt tema ”St. melding nr. 27 Barnehage til beste for barn og foreldre og ”MIB” – menn i barnehagen.

Kompetanseutvalet for barnehagane med representantar frå skolesjefgruppa, høgskolen, organisasjonane og fylkesmannen arbeider med å få ein samla kompetanseplan på nettet for barnehagane i fylket.

Det er tildelt midlar til ”FOU”-arbeid – lokalt utviklingsarbeide til kommunane Bremanger, Balestrand, Flora, Luster og Førde.

Barnehagekonferansen i Loen vart avvikla med omlag 270 deltakarar. Hovudtema for konferansen var: ”Arbeid og liv i ei foranderleg tid” og ”Etikk og verdiutvikling i samfunnet”.

Forvaltningsoppgåvene er gjennomførte i samsvar med lov og forskrifter.

Resultatområde 42 Familierett

Det vart i 2000 innvilga 187 søknader om separasjon og 137 søknader om skilsmisse.

Tilsvarande tal for 1999 var høvesvis 162 og 137.

Tal barn under 18 år i separasjonssakene var 296 mot 148 året før.

Totalt er det registrert 3 saker etter barnelova (samværsrett/dagleg omsorg). Ingen av desse har ført fram til vedtak.

Ved utgangen av 2000 var det 14 meklarar. 10 var tilsette ved dei 3 familievernkontora, dei 3 øvrige er prestar.

Det har i året vore 8 saker med spørsmål om biologiske foreldre.

Resultatområde 43 Krisetiltak

Statstilskot til Krisesenteret i Sogn og Fjordane vart formidla med kr 1.039.912 etter søknad og vurdering.

Resultatområde 44 Familievern

Det er 2 fylkeskommunale familievernkontor og 1 familiekontor eigd av Bjørgvin bispedømmeråd med driftsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Det er i 2000 utført eitt tilsyn med kvart av kontora, som er i samsvar med krava. Det er sendt rapport til kvart kontor og årsrapport til Barne- og familiedepartementet.

Fylkesmannen arrangerte 1-dagsseminar for dei tilsette ved familievernkontora.

Resultatområde 45 Barnevern

Talet på barn som er melde til barnevernet er ikkje vesentleg endra i høve til tidlegare år. Tal på barn under omsorg og barn med hjelpetiltak er noko lågare i 2000 samanlikna med året før. Dette må sjåast på som naturlege svingningar. Tal på barn under undersøking har likevel auka til det doble, det same gjeld saker som ikkje er ferdighandsama innan dei tidsfristar barneverntenesta er sett til å halde.

Kommunane Selje, Flora, Naustdal, Gloppen, Horningdal, Bremanger, Gaular, Balestrand og Jølster hadde tilsyn med barneverntenesta. Dette er 2 meir enn planlagt for 2000. Det er sendt rapport frå tilsyna med melding om kva kommunen må/bør rette på.

Det har vore ein auke i tilsynsobjekt frå 10 i 1999 til 15 ved utgangen av 2000. Av desse er 3 fylkeskommunale og 2 private tiltak med underavdelingar. I tillegg er det 2 kommunale ”særtiltak”. Målsetjinga har vore å utføre tilsynet så ofte som lov og forskrifter krev. Dette målet har vi ikkje nådd. Ein har valgt å redusere tilsyn med nokon av dei fylkeskommunale institusjonane frå 4 til 3 og nokon av dei private tiltaka med 1-3 tilsyn. Måloppnåinga er 82 %.

Fylkesmannen har gjennomført fire 2-dagars fagseminar for tilsette i den kommunale og fylkeskommunale barnevernteneste. Kursa har vore halden i regi av embetet sjølv og i samarbeid med Barnevernets utviklingscenter på Vestlandet og Nasjonalt ressurscenter for seksuelt misbrukte barn.

Resultatområde 46 Foreldrerettleing

Det har ikkje vore opplæringstilbod for foreldrerettleiarar i 2000.

Resultatområde 47 Økonomisk rådgjeving overfor personar som har gjeldsproblem

Fylkesmannen skal motivere kommunane til å drive økonomisk rådgjeving, gje tilbod om opplæring og elles stimulere til lokalt samarbeid.

I 2000 gjennomførte vi eit 2-dagars fylkeskurs i økonomisk rådgjeving/gjeldsproblematikk for tilsette i kommunar og for namsmenn. Regionansvarleg for gjeldsrådgjevinga, i samarbeid med Regionalt støtteapparat i Fjordane politidistrikt, hadde det faglege ansvaret for kurset. Det var påmeldt 37 personar på kursa, 28 frå kommunane og 9 frå lensmannskontora, som vesentleg deltok på dag 2.

Resultatområde 48 Opningstidslova

Det kom i 2000 inn 27 saker, mot 32 i 1999. Av desse galdt 26 saker søknader om dispensasjon frå opningstidene fastsette i lova og 1 sak spørsmål om godkjenning som ”typisk turiststed”. Dispensasjonssakene vart handsama fortløpande.

Justisdepartementet

Resultatområde 51 Tilsynsoppgåver

51.1 Stiftelsar

I 2000 vart det registrert totalt 117 saker, mot 162 i 1999.

Av dei innkomne sakene var det 4 søknader om omdanning - av desse 3 søknader om oppløysing. Det vart vidare gjort 3 klassifiseringsvedtak. 66 rekneskap vart gjennomgått. Gjennomgangen gav ikkje grunnlag for nærare undersøkingar av stiftelsar si forvaltning og drift. Det vart såleis ikkje i nokon av sakene vurdert å setje i verk gransking/undersøking av styret si forvaltning av stiftelsen.

51.2 Overformynderi /verjemålssaker

Det kom inn 35 saker i 2000, mot 44 i 1999. Av dei 35 sakene galdt 2 hjelpeverje, 28 overformynderia - i hovudsak overformynderirekneskap - 4 umyndige sine midlar og 1 klage på oppnemning av hjelpeverje. Det vart i mars 2000 arrangert kurs for overformynderia i regi av KS.

51.3 Forliksråd

Det kom inn 15 saker i 2000, mot 17 i 1999. 13 av sakene galdt val av nye forliksråd. Avdelinga arrangerte ikkje sjølv kurs for forliksråda dette året, men forliksråda i fylket fekk invitasjon til å delta i kurs saman med Hordaland i regi av Samarbeidsutvalet for forliksråd og hovudstemnevitne i byane. Kurset vart halde i Bergen i februar 2000, og 15 av dei 26 forliksråda her i fylket var representert. Juridisk seksjon var også representert med 1 deltakar.

Resultatområde 52 Rettshjelp

52.1 Fri rettshjelp

I 2000 kom det inn 492 saker om fritt rettsråd, mot 423 i 1999. I 2000 kom det vidare inn 94 saker om fri sakførsel, mot 96 i 1999.

Det vart i 2000 utbetalt kr 1 939 410,- til fritt rettsråd og kr 439 252,- til fri sakførsel. For 1999 var tala kr 1 714 537,- til fritt rettsråd og kr 473 283,- til fri sakførsel.

52.2 Valdsoffererstatning

I 2000 kom det inn 17 nye saker, mot 25 i 1999. Pr. 31.12.99 hadde seksjonen 11 saker under handsaming. I 2000 vart det avgjort 16 saker, mot 25 i 1999. Det vart i 2000 betalt ut kr 392.791,- i erstatning til valdsoffer. Ved årsskiftet var det 12 saker som ikkje var avgjort.

Målsetjinga for 2000 var at søknader om valdsoffererstatning skulle vere avgjort innan 2 månader etter at sakene var ferdig utgreidde. Denne målsetjinga vart i hovudsak nådd.

52.3 Namnelova

Det kom i 2000 inn og vart handsama 67 saker etter namnelova, mot 48 i 1999.

52.4 Tomtefestelova.

Det kom i 2000 inn 3 saker om innløyising av festetomt, mot 2 i 1999.

52.5 Settedommarsaker

Det kom inn og vart handsama 6 settedommarsaker i 2000, mot 21 i 1999.

52.6 Dekningslova § 3-9

Det kom ikkje inn slike saker i 2000.

52.7 Kommunale politivedtekter

Det kom inn og vart handsama 1 sak i 2000.

52.8 Statsborgarsaker

Det kom inn og vart handsama 7 statsborgarsaker i 2000, mot 18 i 1999. - Reglane vart i 2000 endra slik at fylkesmannen ikkje lenger handsamar søknader om norsk statsborgarrett for adoptivbarn frå utlandet.

Resultatområde 53 Konfliktråd

Konfliktrådet hadde 204 tilmelde saker, mot 139 i 1999, ein auke på omlag 46 %. Det er inngått 250 aktive avtalar, av desse er 230 innfridde, 6 er brotne medan 14 ikkje er avslutta. Innfriingsprosenten ligg såleis an til å bli 97. Av dei 204 sakene i 2000 var 108 sivile og 96 straffesaker.

Resultatområde 55 Sårbarheitsreducerande tiltak

Arbeid i forhold til fylkeskommunalt nivå er ikkje gjennomført. Når det gjeld helsemessig og sosial beredskap, har det berre vore gjennomført møte for å leggje ein framdriftsplan.

Elles er alle definerte mål nådd med tilfredsstillande resultat.

Resultatområde 56 Krisehandsaming

ROS analysar er berre gjennomført i 9 av kommunane, men det finst kriseplanar i alle kommunar. Oppfølging av ROS arbeidet har vært nedprioritert i 2000, med unnatak av naturleg oppfølging der ein har gjennomført tilsyn. Arbeid i forhold til fylkeskommune har vært nedprioritert i år 2000.

Krisestab er øvd som gjennom eit stabsseminar som ledd i ei oppbygging av kompetanse i fredskrisestaben.

TOTEX ikkje gjennomført då denne vart kansellert frå forsvaret si side.

56.2 Atomulukkeberedskap

Oppgåver gjennomført.

56.3 Rasjoneringsberedskap

Oppgåver ifm rasjonering er gjennomført.

56.3.4 Bygg- og anleggsberedskap

Oppdatering av ressursdatabase innan anleggsmaskiner er ikkje gjennomført grunna interne prioriteringar i embetet. Forholdet er drøfta med DSB, og er tema for møte med desse i 1. kvartal i Bergen.

Rapportering om status i for utskrivingsarbeidet er heller ikkje gjennomført av same grunn som nemnd ovanfor.

Resultatområde 57 Kvalitetssikring av beredskapsarbeidet

Tilsyn er gjennomført i 5 av 7 kommunar. Det er ikkje gjennomført tilsyn i dei 2 siste kommunane grunna sjukdom/ langvarig fråvær blant sentrale personar i desse kommunane. Desse 2 kommunane vil få tilsyn i 1. halvår 2001.

Kompetansebehovet er ikkje nærmare kartlagt og rapportert, då embetet meiner å ha for svakt grunnlag å vurdere dette på iht retningslinjene som vart gjeve i DSB sitt skriv av 05. april 00. Rutinar for kartlegging av kompetansebehovet i kommunane, vil bli inkludert som del av tilsyn og kommune- øvingane i 2001.

Resultatområde 58 Sivilforsvaret

Oppgåver gjennomført med unnatak av systemtilsyn/ IK av materiell, i samarbeid med landsdelsberedskapsfylkesmennene. Dette skuldast blant anna eit lenger sjukefråvær hjå materiell-inspektøren. Krinsane er heller ikkje involvert i ROS arbeidet, då dette har vort nedprioritert i fylket i år 2000.

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Kommuneøkonomi og samordning

61.1 Økonomiforvaltning

Det vart gjennomført lovlegkontroll av alle kommunebudsjetta i tillegg til kontroll av eitt budsjett for hamnevesen. Til saman 27 budsjett. 3 budsjettvedtak vart oppheva grunna økonomisk innhald. I tillegg vart 8 budsjett godkjende med merknad. 1 budsjett fekk ikkje godkjent låneopptak før revisjon av økonomiplan. Hovudinstrykk: Meir realistiske inntektsanslag no etter innføring av løpande inntektsutjamning.

Lovlegkontroll av lånevedtak vart til dels gjennomført i samband med budsjettgjennomgangen og dels gjennom året. I alt vart 80 søknader om låneopptak handsama og av desse vart 78 godkjende. Godkjenning av 10 garantivedtak, ingen avslag.

Der kommunane hadde handsama økonomiplan parallelt med årsbudsjettet, vart det gitt tilbakemelding også på desse. I alt vart det gitt tilbakemelding på 14 økonomiplanar. Nokre kommunar utsette også handsaminga av økonomiplanen til hausten 2000.

På ettersommaren vart det utarbeidd nye kriterium for fordeling av ordinært skjønn. Vi gjekk vekk frå basistilskotet som fordeling til kommunane og vektla i større grad sosiale tilhøve i den enkelte kommune.

Avdelinga har delteke i prosjektgruppa "Handlingsplan for eldre". Vår hovudoppgåve har vore å sjå til at planlagde tiltak er med i budsjett/økonomiplanar og komme med innspel til fordeling av skjønnsmidlar.

Gjennom året prøver avdelinga å ha god kontakt med kommunane. Der får vi innspel på situasjonen i kommunane og kan yte råd og rettleiing (særskilt i samband med kommuneøkonomiproposisjonen og statsbudsjettet). Vi tok spesielt opp med KRD den uheldige situasjonen kraftkommunane i fylket kjem i ved endringane i eigedomsskattelova frå 1.1.2001.

Vi har delteke på alle dei 14 kommunebesøka som vart gjennomført i 2000, og var arrangør og hadde innlegg på 3 regionale konferansar som vart haldne våren 2000. Vi gjennomførte også statsbudsjettkonferanse samstundes som statsbudsjettet vart offentleggjort. Jf. planskjema.

Avdelinga utarbeidde månedlege statistikkar for skatteutviklinga. Kommunehefte med finansielle indikatorar og tenesteytingsindikator vart også utarbeidd og sendt alle kommunane

Også i 2000 vart KOSTRA eit satsingsområde, og eigne rapportskjema er utarbeidd på dette området.

61.2 Samordning

Fylkesmannen skal sjå til at summen av statlege pålegg og statleg styringsaktivitet ikkje medfører kostnader som overstig kommunane sine økonomisk ressursar, og at den løpande statlege styringa skjer i samsvar med eksisterande lovgjeving. Vi har i mange samanhenger gitt sentrale styresmakter tilbakemelding om at oppgåver og ressursar i kommunesektoren no ikkje står i rimeleg forhold til kvarandre. Delegering av nye oppgåver til kommunane kan ikkje skje utan at tilstrekkelege ressursar vert tilførde. Statlege reformer, handlingsplanar og pålegg gjev svært lite rom for lokale prioriteringar.

Vi har elles løpande møte med andre statlege etatar - særleg fylkeslege og Statens utdanningsdirektør - for å drøfte felles problemstillingar og evt. samordne tiltak. Statleg toppleiargruppe, som består av 17 statlege etatsjefar i fylket, møtest to gonger i året.

Serviceerklæring og heftet "Kommunale oppgåver i høve til nasjonale mål og retningslinjer", vart sendt kommunane i byrjinga av mars 2000. Sistnemnde var i samarbeid med fylkeslege og utdanningsdirektør. Vi viser også til felles regionale samlingar og kommunebesøk der vi samordnar oss innan embetet.

61.4 Kommuneinndeling

Det kom inn 2 saker i 2000. Seksjonen avslutta dessutan 1 sak frå 1999 om fastsetjing av endra kommunegrense.

Resultatområde 62 Lovlegkontroll og rettleiing

62.1 Lovlegkontroll

Det vart i 2000 handsama 5 saker om lovlegkontroll. Av desse var det i 4 saker sett fram krav om lovlegkontroll etter kommunelova (k.) § 59 nr. 1, medan 1 sak vart teke opp av fylkesmannen av eige tiltak etter k § 59 nr 5. Den kontrollen som vart gjennomført førte til at 2 kommunale vedtak vart kjent ulovlege og oppheva.

Resultatområde 63 Regelverksforvaltning / klagebehandling

63.1 Saksbehandling - Klagesaker etter plan- og bygningslova (pbl).

Det kom i 2000 inn 95 klager i byggjesaker, mot 71 i 1999. Ved utgangen av året var 68 av desse avgjort. I tillegg er det handsama 18 saker som stod som restanse ved førre årsskifte, slik at seksjonen i 2000 til saman avgjorde 86 klager i byggjesaker. Ved utgangen av året har seksjonen 27 klagesaker innkomne i 2000 som ikkje er avgjort.

Avdelinga si målsetjing for 2000 var at handsamingstida ikkje skulle overstige 3 månader. Denne målsetjinga vart i hovudsak nådd.

Når det gjeld avdelinga si handsaming av klager på vedtekne reguleringsplanar, viser vi til resultatområde 09 Regional planlegging ovanfor.

Oreigningssaker

Oreigningssaker omfattar søknad om førehandsovertaking, samtykke til oreigning etter oreigningslova og vassdragslova og klage på kommunane sine vedtak om oreigning etter

plan- og bygningslova. Det kom inn 10 saker i 2000, mot 8 i 1999. Av dei innkomne sakene i 2000 var 3 søknader om førehandsovertaking av grunn.

Saker etter lov om burettslag

Det kom ikkje inn saker om dette i 2000.

Saker etter forvaltningslova

Det kom inn 11 saker i 2000, mot 9 i 1999. I tillegg kom det inn 7 saker om dekking av sakskostnader, mot 3 i 1999.

Saker etter offentleglova

Det kom inn 3 saker i 2000, mot 8 i 1999. Dei 3 sakene galdt alle klage på nekting av innsyn.

63.2 Informasjon

Seksjonen har i 2000 ikkje drive rettleiing og informasjon ved sjølv å arrangere kurs o.l., men har bidrege med løpande rettleiing gjennom å svare på spørsmål skriftleg og munnleg frå både kommunar, andre offentleg organ og private.

Sosial- og helsedepartementet

Resultatområde 71 Rettleiing, kompetanseheving og informasjonsverksemd

71.1 Oppfølging av Velferdsmeldinga

Det er inngått ny samarbeidsavtale mellom Fylkesarbeidskontoret (aetat), Fylkestrygdekontoret og Fylkesmannen kor vi har avtala 2 samarbeidsmøte pr. år. Vi har følgd opp dette samarbeidet i våre møte med kommunane, særleg knytta opp til "Kunnskap og brubygging".

71.2 Styrings- og informasjonshjulet for helse- og sosialtenesta

Sosial- og helsedepartementet ynskjer å sjå dei oppgåvene den regionale statsforvaltninga har overfor kommunane i samanheng, og i 2000 var det såleis ikkje lagt opp til kommunebesøk/gjennomgåing av spesielle innsatsområde med rapportering til departementet.

Fylkesmannen saman med fylkeslegen følgjer opp enkeltkommunar og prioriteringane i helse- og sosialsektoren gjennom dei ordinære tilsyns- og rettleiingsoppgåvene.

71.3 Ansvarsreforma for menneske med psykisk utviklingshemming

Vi har følgd opp rapporteringa frå kommunane til departementet i samsvar med kravet.

71.4 Rettleiing til lov om sosiale tenester

Det har ikkje vore arrangert kurs eller konferansar på tema etter sosialtenestelova i 2000. Fylkesmannen har vore medarrangør på kurs om sostl. kap. 6A.

71.5 Kompetanseheving/kursverksemd

Det var ei samlingar á 2 dagar i «Rusfagleg forum», med tema: "Ungdom og rusproblem i Sogn og Fjordane. Det var 85 deltakarar på samlinga.

71.6 Handlingsplan Kunnskap og brubygging

Det er gitt to ulike opplæringstilbod med til saman 107 deltakarar. Tema for samlingane har vore endringsfokusert rådgiving og samarbeid/samhandling.

Sakshandsamarane har hatt høve til å delta på fire faglege fora i løpet av året. Gjennomsnittleg deltakartal pr. kvartal ca. 40.

Det er gjeve tilbud om 3 vekttal rettleiarutdanning ved HISF med 14 deltakarar frå sosialtenesta. Til dette studiet vart kr 55.000,- brukt til kursavgift, resten kr 45.000,- vart dekkja av deltakaravgifta.

Det er to kommuneprojekt med statlege tilskot i fylket. Førde kommune kom ikkje i gang før i august, og fekk ikkje nytta prosjektmidlane fullt ut. Flora kommune fekk mindre prosjektmidlar enn forventa og fekk problem med kontinuiteten. Dette prosjektet fekk tilleggsmidlar på kr 125.000,-, slik at drifta kunne halde fram ut året.

Flora sosialteneste har delteke i kompetanseprofil-prosjektet. Dette er eit tilbud utan kostnad for kommunen.

71.7 Rettleiing til alkohollova

Råd og rettleiing til kommunar og verksemder vert for det meste gjeve pr. telefon. Det vart i samarbeid med Rusmiddeldirektoratet halde kurs for ca. 40 sakshandsamarar og politikarar i kommunane om alkohollova.

71.8 Handlingsplan for eldreomsorga

I arbeidet med handlingsplanen er det etablert ei arbeidsgruppe kor både fylkesmannen og fylkeslegen deltek. Oppfølging av handlingsplanen for eldreomsorga er gjennomført i samsvar med krav frå Sosial- og helsedepartementet. Alle kommunar har fått utbetalt tildelt omsorgstenestetilskot med i alt kr 77.693 mill. Skjønnstilskot er utbetalt med i alt kr 7,9 mill. Det er bygt/planlagt utbygging av 565 sjukeheimplassar og 659 omsorgsbustader i perioden 1998 – 2004. Utbetring av eksisterande bustadmasse gjeld 167 institusjonsplassar og 54 omsorgsbustader i same tidsrom.

71.9 Handlingsplan for helse- og sosialpersonell

Det har vore eit nært samarbeid med organisasjonane for helse- og sosialpersonell, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, KS, Statens Utdanningskontor, Fylkeslegen og Fylkesmannen i arbeidet med å legge til rette opplæringstilbod for denne gruppa. Ei koordineringsgruppe frå desse instansane handsamar ”dei store linene” innanfor rekrutterings- og kvalifiseringsområda.

Opplæring av ufaglærte og etterutdanning for hjelpepleiarar/omsorgsarbeidarar er lagt til dei vidaregåande skular. 5 opplæringskurs og 2 etterutdanningskurs starta opp i 1999, to nye kurs er kome i gang i 2000. Med opplegget for 2001 vil heile fylket verta dekkja med desentralisert tilbod for dei ufaglærte. Samla er ca. 325 ufaglærde på kursa i 1999 og 2000.

I tillegg har det vore 2 kurs med tema eldreomsorg, som vart avslutta primo 2000, og eit kurs i geriatri som tok til hausten 2000.

Vi har eit nært samarbeid med Høgskulen som har arrangert eit kurs innan eldreomsorg hausten 1999, og tok til med eit kurs på 3 + 2 vekttal innan aldersdemens hausten 2000.

71.10 Opptappingsplan for psykisk helse

Fylkeslegen har prosjektansvar for opptappingsplanen for psykisk helse. Fylkesmannen har tbetalt tilskota innanfor opptappingsplanen i samsvar med innstilling frå fylkeslegen.

Resultatområde 72 Tilsyn og klagesakshandsaming

72.1 Tilsyn

Aldersheimar

Fylkesmannen har ført tilsyn med 16 aldersheimar i 2000, ein mindre enn året før. Kravet i forskrifta er 2 tilsyn for året utført av 2 personar. Målet var i utgangspunktet 50 % av krava, noko som og sluttresultatet vart.

Vi har i 2000 m.a. fokusert på rettstryggleik og kvalitet i pleie- og omsorgstenesta, jfr. rundskriv I-13/97, og oppfølging av tidlegare tilsyn. Vi har ikkje avdekt vesentlege manglar som har gjeve grunn til direkte pålegg. Det er likevel gjeve ein del vurderingar/merknader, som m.a. går på ulike manglar som verkar inn på livskvaliteten til den enkelte brukar. Personellsituasjonen medfører ofte lita tid til aktivisering og til å gje brukarane den sosiale kontakten dei føler behov for. Vidare har vi peikt på manglande brannøvingar i enkelte institusjonar i høve til regelverket.

Funksjonshemma

Fylkesmannen førte tilsyn i 3 bustader der 3 barn under 18 år bur fast og med 12 avlastingsbustader for 29 born i same aldersgruppe. I alt har vi vore på tilsyn i 14 kommunar, måloppnåing er 50%. Alle bustadene har berre hatt eitt tilsynsbesøk, medan forskrifta seier to tilsyn årleg. Hovudinstrykket er at barna får eit tilbod som er i samsvar med lov, forskrifter og retningslinjer.

Det vart gjeve konkrete pålegg ved eitt høve. Dette galdt bruk av tvang i naudsituasjonar, utforming av bustaden og kva kommunen måtte gjere for å rette på forholda.

Elles er det ved tilsynsbesøka og i rapportane teke opp ulike spørsmål som m.a. går på diagnostisering av brukarane i høve til kap. 6A/bruk av tvang, andre spørsmål omkring "lovlig tvang", opplæring av tilsette, innhaldet i avlastingstilbodet og beredskap ved uventa situasjonar.

Kap. 6A

Fylkesmannen skal føre tilsyn med tiltak etter sosialtenestelova kap. 6A, og kan gje pålegg om å rette opp uforsvarlege tilhøve. Vidare skal fylkesmannen overprøve planlagte tiltak med bruk av tvang og makt overfor psykisk utviklingshemma. Endeleg er fylkesmannen klageinstans for enkeltvedtak om bruk av tvang og makt som skadeavvergende tiltak i akutttilfelle.

Fylkesmannen har i år 2000 gjennomført 17 tilsyn i enkeltsaker der det vert gjort bruk av tvang og makt. Det er skrive rapport etter alle tilsyna som er sendt kommunen, pårørande, hjelpeverje og fylkeskommunen si spesialistteneste. Med eitt unntak hadde fylkesmannen merknader til alle desse tiltaka. I eitt tilfelle vart det gjeve pålegg.

Fylkesmannen overprøvde 12 vedtak om planlagte tiltak med bruk av tvang og makt.

Fylkesmannen mottok 277 meldingar på 25 forskjellige personar om skadeavvergende tiltak i akutttilfelle. Reduksjonen i tal meldingar samanlikna med 1999 skuldast først og fremst at det no vert nytta protokoll i samband med planlagte tiltak for nokre av dei tyngste brukarane. Det er ikkje motteke nokon klager på vedtaka om bruk av tvang og makt i desse tilfella.

Institusjonar for omsorg og behandling av rusmiddelmissbrukarar

Fylkesmannen fører tilsyn med 1 slik institusjon. Det skal gjennomførast 4 besøk årleg av to personar, halvparten av besøka skal vere umeldte. Dette er gjennomført fullt ut, dekning 100%.

Det har ikkje vore gjeve pålegg til institusjonen i samband med tilsyna. Det er likevel teke opp ein del viktige problemstillingar om tvangsprotokoll (tvang/ikkje tvang – urinprøver og spyttprøver).

72.2 Klagesakshandsaming

Fylkesmannen mottok 92 klagesaker etter lov om sosiale tenester og forskrift om eigenbetaling for opphald i institusjon – ei auke på 27 saker eller 41,5 %, i høve til 1999. Totalt vart det handsama 94 saker. Av desse vart 66 % stadfesta, 33 % oppheva/omgjort og 1 % avvist.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for dei behandla sakene i 2000 var 45 dagar. Fylkesmannen har i si serviceerklæring til kommunane ”garantert” ei sakshandsamingstid på maksimum 2 månader. Vi hadde ved årsskiftet ein restanse på 10 saker mot 13 saker ved utgangen av 1999.

Det har vore handsama 6 saker etter alkohollova. I tillegg er det gjort 4 vedtak om skjenkeavgift.

Klager etter kommunehelsetenestelova kap. 4 og tobakkskadelova

Ikkje nemnt i tildelingsbrevet. Avdelinga behandlar klager etter kommunehelsetenestelova kap 4 om miljøretta helsevern. I 2000 kom det ikkje inn nokon slik klagesak. Det same var tilfellet i 1999.

Saker etter lov om samordna næringsmiddelkontroll

Fylkesmannen har etter lova eit samordnings- og tilsynsansvar. I 2000 kom det inn 8 saker, mot 3 i 1999.

Resultatområde 73 Tilskotsforvaltning

I 2000 vart 3 øyemerka statlege tilskot kanaliserte gjennom fylkesmannen.

Omsorgstenestetilskotet (til saman 77.693 mill) vart etter konkrete vurderingar utbetalt alle kommunane.

I tillegg vart 7,9 mill. tildelt kommunane etter skjønn. 4 millionar av dette var kompensasjon for tidlegare utbygging av omsorgsbustader og sjukeheimplassar.

Tilskotet gjennom opptrappingsplanen for psykisk helse (til saman 18.060 mill.) vert utbetalt gjennom fylkesmannen – fylkeslegen har prosjektansvaret.

Tilskotsordninga til utskriving av unge funksjonshemma har eksistert sidan 1995/96 og vert kanalisert gjennom fylkesmannen. Ordninga skal etter planen avviklast frå og med 2001.

Tilskotet vert utbetalt over 3 år, og vart auke til 1 mill kr frå 1999. I 2000 mottok vi ingen nye søknader om tilskot, men utbetalte andre-års tilskot til 3 kommunar og tredje-års tilskot til ein kommune. Til saman vart det utbetalt 1.05 mill kr.

Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet

Resultatområde 81 Trudoms- og livssynssamfunn

Det kom i 2000 inn 11 saker, inkl. søknader om tilskot. Det er ikkje registrert nye trudoms- eller livssynssamfunn i fylket i 2000.

I samsvar med tildelingsbrevet har vi følgjande oversyn over samfunn som har søkt tilskot, medlemstal og utbetalt tilskot (statstilskot for 2000 var kr. 219,- pr. medlem).

Registrerte:		1999		2000	
Namn	Stad	Medl. tal	Tilskot	Medl. Tal	Tilskot
Filadelfia Stryn	6880 Stryn	23	4876,-	24	5.256,-
Pinsem. Sion	5820 Gaupne	93	19716,-	91	19.929,-
Filadelfia	6900 Florø	87	18444,-	96	21.024,-
Sandane Kristne Senter	6860 Sandane	54	11448,-	67	14.673,-
Filadelfia	6750 Stadlandet	77	16324,-	75	16.425,-
Kristkyrkja Førde/Florø	6940 Eikefjord	44	9328,-	44	9.636,-
Menigh. Sion	6860 Sandane	79	0,- ¹⁾	74	16.206,-
Baptistane i Førde	6800 Førde		0,- ²⁾		0,- ²⁾
Samla registrerte:		457	80.136,-	471	103.149,-
Uregistrerte:					
Førde Pinsemenighet	6800 Førde	34	7.208,-	29	0,- ¹⁾
Samla alle samfunn:		491	87.344,-	500	103.149,-

¹⁾ søkt for seint

²⁾ ikkje motteke søknad

Det er i 2000 ikkje kome inn eller handsama klager på tilskot. Det kom i 2000 ikkje inn saker frå registrerte trdomssamfunn om å få ha eigen kyrkjegard, jf trdomssamfunnslova § 18, 1. ledd.

81.1 Gravferdslova

Ikkje nemnt i tildelingsbrevet.

Det kom inn 6 saker i 2000. Det vart gjeve 4 løyve til spreing av oske etter avlidne.

Andre saksfelt som ikkje er nemnde i tildelingsbrevet:

Miljøverndepartementet

Klagesaker etter delingslova

Det kom inn 4 saker i 2000, mot 2 i 1999.

Samferdselsdepartementet

Klager i avkøyrlesaker


Det kom inn 1 sak 2000, det same som i 1999.


Utanriksdepartementet


Saker om legalisering av dokument med "Apostille"


Det kom inn 55 saker i 2000, mot 29 i 1999. Protokollen viser at det vart påført apostille på 156 dokument i 2000.


3.3.2. Planskjema for innsatsområda


 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 55-58 Sivilt beredskap	Innsatsområde: 4. Beredskap	
Prosjekt/aktivitet: 4.1. Revisjon av fredskriseplan/oppfølging DSB-tilsyn		
Planlagt start: Des. 1999	Planlagt slutt: 1.3.00	
Mål: Utvikle kriseplanverk og organisering av krisestaben ved embetet i tråd med merknader etter DSB-tilsyn 1999. Dvs. eit tenleg kriseplanverk med rutinar for ajourføring, og ein tenleg og kompetent krisestab ved embetet. Forankring i leiinga.		
Resultatkrav: Pr. 1.3. skal det liggje føre: Revidert fredskriseplan for embetet. Revidert organisering og omfang av fredskrisestaben. Internkontrollhandbok for kriseplanverket, inkl. opplærings- og øvings-plan.		
Status: Arbeid i forhold til fylkeskommunalt nivå er ikkje gjennomført. Når det gjeld helsemessig og sosial beredskap, har det berre vert gjennomført møte for å leggje ein framdriftsplan. Oppgåver gjennomført med unntak av systemtilsyn/ IK av materiell, i samarbeid med landsdelsberedskapsfylkesmennene. Dette skuldast blant anna eit lenger sjukefråvær hjå materiell-inspektøren. Krinsane er heller ikkje involvert i ROS arbeidet, då dette har vert nedprioritert i fylket i år 2000. Elles er alle definerte mål nådd med tilfredsstillande resultat.		
Milepælar/tiltak: Des. 99: oppnemning av medlemmer til arbeidsgruppa. Innan 31.12.: konst. møte i arbeidsgruppa Rapportering til styringsgruppa (= leiargruppa) på møte 24.1. og 14.1. Endeleg plan vert godkjent i styringsgruppa 6.3.		
Prosjektansvarleg:IB	Prosjektleder:IB	
Prosjektdeltakarar Deltaking elles: JH, 1 frå KOM forøvrig, 1 frå MVA/LA og 1 frå ADM. Inge Yttri er sekretær for arbeidsgruppa.		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 56 Krisehandsaming	Innsatsområde: Beredskap	
Prosjekt/aktivitet: 4.2. Opplæring/øving ABUSF		
Planlagt start: 03.01.00	Planlagt slutt: 01.06.00	
Mål: Gjennomføre opplæring/øving for Atomberedskapsutvalet i Sogn og Fjordane		
Resultatkrav: Etter gjennomført opplæring/øving skal medlemene i ABUSF vera oppdatert m.o.t. planverk og organisasjon. Dei skal vidare kjenne risikotilhøve og tiltak mot eventuelt radioaktivt nedfall ved atomulukker i fred.		
Status: ROS analysar er berre gjennomført i 9 av kommunane, men det finnest kriseplanar i alle kommunar. Oppfølging av ROS arbeidet har vært nedprioritert i 2000, men unntak av naturleg oppfølging der ein har gjennomført tilsyn. Arbeid i forhold til fylkeskommune har vært nedprioritert i år 2000. Krisestab er øvd som gjennom eit stabsseminar, som ledd i ei oppbygging av kompetanse i fredskrisestaben. TOTEX ikkje gjennomført då denne vart kansellert frå forsvaret si side. Oppdatering av ressursdatabase innan anleggsmaskiner ikkje gjennomført grunna interne prioriteringar innan embetet. Forholdet er drøfta med DSB, og er tema for møte med desse i 1. kvartal, i Bergen. Rapportering om status i for utskrivingsarbeidet er heller ikkje gjennomført, av same grunn som nemnd ovanfor. Når det gjeld atomulykkeberedskap og rasjonering er alle mål nådd.		
Milepælar/tiltak: Utført innan: 31. januar: Fastlegging av tid for opplæringa/øvinga. 1. mars: Innkalling av deltakarar. 1. mai: Planlegging av gjennomføringa fewrdig. 1. juni: Gjennomføring fullført.		
Prosjektansvarleg: Johs. E. Henjum	Prosjektleiar: Johs. Instefjord	
Prosjektdeltakarar Personell som er disponert i samsvar med Fredskriseplanen, Delplan Atomberedskapsutvalet.		


 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 57 Kvalitetssikring		Innsatsområde: 4. Beredskap
Prosjekt/aktivitet: 4.3 Tilsyn med beredskapsarbeidet i kommunane		
Planlagt start: 01.02.00		Planlagt slutt: 30.11.00
Mål: Gjennomføre beredskapstilsyn i minst 7 kommunar, gjerne fleire grunna nedprioritering i 99. Kommunar som øvde i 99 bør prioriterast		
Resultatkrav: At det vert skrive tilsynsrapport om inntrykk i av beredskapen i dei aktuelle kommunane, og at det vert gitt råd til desse om betring av planverk m.m.		
Status: Tilsyn er gjennomført i 5 av 7 kommunar. Det er ikkje gjennomført tilsyn i dei 2 siste kommunane grunna sjukdom/ langvarig fråvær blant sentrale personar i desse kommunane. Desse 2 kommunane vil få tilsyn i 1. halvår 2001. Kompetansebehovet er ikkje nærmare kartlagt og rapportert, då embetet meiner å ha for svakt grunnlag å vurdere dette på iht retningslinjene som vart gjeve i DSB sitt skriv av 05. april 00. Rutinar for kartlegging av kompetansebehovet i kommunane, vil bli inkludert som del av tilsyn og kommuneøvingane i 2001.		
Milepælar/tiltak: 29.02.00 Utarbeidd tilsynsplan 30.06.00 Gjennomført tilsyn planlagt 1. halvår 30.11.00 Gjennomført tilsyn alle planlagde tilsyn 10.12.0 Rapportert resultat av tilsyna		
Prosjektansvarleg: Beredskapssjef		Prosjektleder: EN
Prosjektdeltakarar: Alle på beredkapsseksjonen		


 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 61 Kommuneøkonomi og samordning		Innsatsområde: 2. Kommunedialog/kommuneøkonomi
Prosjekt/aktivitet: 2.1. Forventningsbrev og serviceerklæring til kommunane		
Planlagt start: 1.1.00		Planlagt slutt: 1.2.00
Mål: Samordna formidling av nasjonale mål og retningslinjer som er viktige for kommunane i Sogn og Fj. Serviceerklæring som seier kva kommunane kan forvente av bistand frå FM, samt sakshandsamingstider på utvalde område.		
Resultatkrav: 1. Oppdatert forventningsbrev basert på malen frå 1999. 2. Serviceerklæring som skal følgje forventningsbrevet		
Milepælar/tiltak: Jan: gjennomgang av malen, evt endringar Jan: alle avdelingar + FL og SU går gjennom og oppdaterar sine deler av forv.brevet 1. febr.: dokumenta ferdige til utsending.		
Status: Serviceerklæring og heftet "Kommunale oppgåver i høve til nasjonale mål og retningslinjer" vart sendt kommunane i byrjinga av mars 2000. Sistnemnde var saman med fylkeslege og utdanningsdirektør. Evaluering av heftet "Kommunale oppgåver..." gav ein snittkarakter på 3,9 på ein skala frå 1-5 der 5 var høgast score. Det går også fram frå evalueringa at heftet vert vurdert høgast i høve til det administrative systemet. Serviceerklæringa fekk gjennomsnittskarakteren 3,5. Stikkord frå kommunane er: Prisverdig kort! Informativt! "Vi føler vi har relativt god oversikt i høve oppgåver og pålegg". Oppsummering: Kommunane vurderer nytteverdien av både forventningsbrev og serviceerklæringa som rimeleg høg.		
Prosjektansvarleg: IB		Prosjektleder: GFB
Prosjektdeltakarar: alle avd., FL og SU		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT	
Resultatområde (nr/namn): 61 Kommuneøkonomi og samordning		Innsatsområde: 2 Kommunediolog/kommuneøkonomi	
Prosjekt/aktivitet: 2.2 KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering)			
Planlagt start: 01.01.98		Planlagt slutt: 31.12.00 (truleg vidareført inn i år 2001, KR D har i sin prosjektplan tidfesta si evaluering til 15.09.02)	
Mål: Prosjektet skal sikre ein struktur og eit innhald i kommunane si rapportering av rekneskap og tenesteproduksjonsdata som er slik at ein får: * relevant, påliteleg og samanliknbar styringsinformasjon om kommunane sine prioriteringar, produktivitet og dekningsgrader * samordna og effektivisert rutinane og løysingane for datautveksling og forvaltning av data * sikre statlege og kommunale myndigheiter rask tilgang til data med minst mogeleg ressursbruk Tenesteproduksjonsdata skal kunne knytast til rekneskapsdata for å få fram produktivitetsindikatorar, data om brukargrupper og dekningsgrader. Ein forutsetning for KOSTRA-prosjektet er at rapporteringskrava vert oppfatta som meningsfulle i kommunane, og at dei ikkje knyter opp kommunal organisering. IKT vil vere eit viktig arbeidsverktøy.			
Resultatkrav: Alle kommunar i fylket skal frå og med år 2001 rapportere i.h.t. KOSTRA forskriftene for økonomi- og tenesterapportering. 7 kommunar står att (Aurland, Bremanger, Gulen, Naustdal, Selje, Vik og Vågsøy).			
Milepælar/tiltak: Eigen prosjektplan med aktivitetar og tidsplan er utarbeidd. (opplæring av kommunane i KOSTRA, kvalitetskontroll av rapporterte data, opplæring i bruk av data)			
Status: Viser til eigen årsrapport som er utarbeidd og sendt KR D. Jf. vedlegg.			
Prosjektansvarleg: Ingrid Bjørkum		Prosjektleiar: Ragnhild Fjærestad	
Prosjektdeltakarar Endre Frimannslund (statens utdanningskontor), Anne Eli Wangen (fylkeslegen) Personar frå Sosial og familie sekjsonen og Miljøvernadv. hjå FM			

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 2.2 Rettsikkerheit, tilsyn og internkontroll	Innsatsområde: 5. Førebuing av endring i tilsynsmetodikk og omfang	
Prosjekt/aktivitet: Grunnopplæring i internkontroll- og systemrevisjonsmetodikk		
Planlagt start: 01.02.00	Planlagt slutt: 31.12.00	
Mål: Skulere medarbeidarar i ny metodikk for tilsyn		
Resultatkrav: Kompetanse til å delta aktivt i førebuing og gjennomføring av systemrevisjon i høve til ulike revisjonsobjekt		
Milepælar/tiltak: 1. Dagsseminar i februar med innføring i grunnleggjande prinsipp for internkontroll og systemrevisjon. Innleiarar vert fylkeslegen, ein frå fylkesmannen i Hordaland, 1 frå miljøvernavingdelinga og 1 frå beredskapsavingdelinga. 2. Aktiv deltaking ved fylkeslegen sine tilsyn på pleie- og omsorg i 2000.		
Status: 1. Dagsseminar gjennomført i mars månad med påfølgjande etablering av tilsynsforum 2. Fylkeslegen hadde ikkje tilsyn på kombinerte alders- og sjukeheimar i 2000. 3. 2 medarbeidarar deltok på 4 dagar opplæring i tilsynsmetodikk arr. av Fylkesmannen i Hordaland		
Prosjektansvarleg: Arne Røyrvik	Prosjektleder: Kjell Berge	

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 73: Tilskotsforvaltning	Innsatsområde: 6. Oppfølging av statlege handlingsplanar helse/sosial:	
Prosjekt/aktivitet: 6.1: Handlingsplan for eldreomsorg Fylkesmannen og fylkeslegen si oppfølging av handlingsplanane – informasjon, rådgjeving, godkjenning og kontroll.		
Planlagt start: 01.01.2000 (01.01.98)	Planlagt slutt: 31.12.2000 (4 årig statleg prosjekt - slutt 31.12.01.	
Mål: 1. Rådgjeving til kommunane vedrørende handlingsplanen. 2. Handsaming av handlingsplanane frå kommunane. 3. Utbetaling av tilskot. 4. Rapportering til SHD 5. Samarbeid med andre embete i nettverk/nettverkssamlingar. 6. Uttale til Husbanken ved søknader om oppstartingsstilskot for omsorgsbustader og institusjonsplassar, men vi skal og halde nær kontakt med kommunane i prosessen fram mot ferdige prosjekt.		
Resultatkrav: 1. Handsaming og godkjenning av planar, utbetaling av tilskot og rapportering av plan- og resultatdata til SHD. 2. Uttale om nye prosjekt ved søknad om oppstartingsstilskot innan 14 dagar etter at vi har fått saka oversendt frå Husbanken.		
Milepælar/tiltak: 10.01: Frist for kommunane for innsending av resultat- og plandata/rullert plan 15.01: Økonomirapport til SHD forbruk på fullmaktene 26.01: Førebels rapportering av plantal til SHD 15.02: Utbetaling av 1. termin omsorgstenestetilskot med påfylgjande rapport til SHD 06.03: Ny rapportering av plandata til SHD 08.02: Kvalitetssikring av PLO-statistikk for 1999 15.05: Utbetaling av 2. termin omsorgstenestetilskot og skjønnstilskot til kommunane etter handsaming av planar/budsjett frå kommunane (handsaming i februar-april) 15.06: ”Statusrapport” Handlingsplan for eldre med resultat- og plantal for fylket samla 15.09: Utbetaling av 3. termin omsorgstenestetilskot og skjønnstilskot med påfylgjande rapport til SHD Kontinuerleg attendemelding og oppfylging av kommunane Nettverkskonferansar i februar og september (heile landet) og regionsamling i april		
Status: Handlingsplanen er gjennomført i samsvar med planen.		
Prosjektansvarleg: Arne Røyrvik	Prosjektleder: Kjell Berge	
Prosjektdeltakarar: Ragnhild Fjærestad, Kjell Berge		

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 71. Rettleiing, kompetanseheving, informasjon	Innsatsområde: 6. Oppfølging av statlege handlingsplanar helse/sosial	
Prosjekt/aktivitet: 6.2. Handlingsplan for sosialtenesta si førstelinje - Kunnskap og brubygging		
Planlagt start: 1.1.00	Planlagt slutt: 31.12.00	
Mål: 1. Heve kvaliteten og kompetansen i sosialtenesta sitt arbeid med klientar med samansette behov. 2. Gjere sosialtenesta meir brukarvenleg og tilgjengeleg 3. Redusere tilfeldig forskjellsbehandling i fordeling av økonomisk stønad. 4. Spreie erfaring frå utviklingsarbeid dei seinare åra.		
Resultatkrav: 1. Motivere til deltaking i faglege fora og vidareutvikle desse. 2. Gi opplæring i tråd med opplæringsplan. 3. Følgje opp prosjektet ”Tiltak for ungdom med samansette vanskar” i Flora kommune. 4. Gi alle kommunar tilbod om å skaffe ser rettleiarkompetanse.		
Milepælar/tiltak: 1. Følgje opp regionsvise faglege fora 1 gong i kvartalet. 2. Opplæringstilbod vert arrangert 3 dg. vår x 2, og 3 dg. haust x 2, for alle tilsette i sosialtenesta, første i veke 11 og 13. 3. Implementere handlingsplanen i leiinga i kommunane ved samling innan 01.06.00. 4. Alle kommunar skal få tilbod om å gi personale 3 vekttals rettleiarkompetanse innan 01.09.00. 5. Følgje opp Flora-prosjektet innan 01.06.00 og 30.11.00		
Status: 1. Fylket er delt inn i 4 regionar. I kvar region har sakshandsamarar delteke i 4 faglege fora. 2. Det er gitt opplæring i endringsfokuserert rådgjeving, metodisk arbeid retta mot rus, 3 dagar x 2, 54 deltakarar, og i samarbeid og samhandling, rehabilitering/aktivisering, 3 dagar x 2 med 53 deltakarar. 3. Samling av leiinga i sosialtenesta vart utsett til januar 2001. 4. Det er laga plan for etablering av rettleiingstilbod. Liste over kompetente rettleiarar (rettleiarbank) er sendt kommunane. I tillegg er det gitt tilbod til sakshandsamarar i sosialtenesta om 3 vekttal rettleiarutdanning ved HSF. 14 har delteke på slik utdanning i regi av Kunnskap og brubygging + 7 i regi av HSF. Det er inngått avtale med HSF om årleg dagskonferanse for rettleiarar. Det er lagt til rette for at sosialarbeidarar skal ha tilgang på rettleiarar. 5. Flora og Førde har fått prosjektmidlar i 2000. Oppfølginga har skjedd ved 2 besøk til Flora kommune samt telefonkontakt, skriftelege rapportar og søknader. Førde kom først i gang med sitt prosjekt i august, og der har vore telefonkontakt, statusrapport og søknader om midlar. Prosjekta vart av SHD ikkje vidareført i 2001. Flora har i tillegg fått tilbod om å delta i prosjektet ”kompetanse og serviceutvikling i sosialtenesta si førstelinje” Vi har delteke på 3 møter med sosialtenesta i Flora og firmaet In Mente.		
Prosjektansvarleg: Arne Røyrvik	Prosjektleder: Kari Vold Olsen	

 FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE		PLANSKJEMA/RAPPORT
Resultatområde (nr/namn): 71 Rettleiing, kompetanse, informasjon	Innsatsområde: 6. Oppfølging av statlege handlingsplanar helse/sosial	
Prosjekt/aktivitet: 6.3 Kap. 6A i Sosialtenestelova: Tvang- og makt ovanfor psykisk utv.hemma.		
Planlagt start: 01.01.00	Planlagt slutt: 31.12.00 (3-årig prosjekt avsl. 31.12.01)	
Mål: Sikra rettstryggleiken for personar med psykisk utviklingshemming med omsyn til bruk av tvang og makt.		
